



KLUBBHÅNDBOK

IL BJØRN

FOTBALL



Godkjent av hovudstyret og fotballstyret 29.januar 2026.

Justert og oppdatert 26.mars 2026. Godkjent av fotballstyret 26.mars 2026.

Innhaldsliste

1.0 Innleiing	5
1.1 Om klubben	6
2.0 Klubben sin visjon og mål	7
3.0 Klubben sitt verdigrunnlag	8
3.1 Fair play	9
3.2 Klubben sine fair play-målsettingar	10
3.3 Foreldrevettreglar	10
4.0 Trygge rammer	11
5.0 Klubben sine lover	11
6.0 Klubben sin organisering	11
6.1 Idrettslaget Bjørn sitt organisasjonskart med rollebeskrivingar	12
6.1.1 Årsmøtet	12
6.1.2 Hovudstyret	13
6.2 Fotballstyret sitt organisasjonskart, samansetnad og oppgåver	14
6.2.1 Fotballstyret	15
6.2.2 Fotballstyret sine funksjonar	16
6.2.2.1 Leiar	16
6.2.2.2 Nestleiar	16
6.2.2.3 Arrangementsansvarleg	16
6.2.2.4 Trenarveiledar	17
6.2.2.5 Spelarutviklar	17
6.2.2.6 Dommaransvarleg	17
6.2.2.7 Anleggsansvarleg	18
6.2.3 Rollar tilhøyrande leiar	18
6.2.3.1 Sportsleg leiar	18
6.2.3.2 FIKS-ansvarleg	18
6.2.3.3 Kvalitetsklubbansvarleg	19
6.2.4 Rollar tilhøyrande nestleiar (som blir delegert til fleire personar)	19
6.2.4.1 Fair play-ansvarleg	19
6.2.4.2 Politiattestansvarleg (rolla ligg til Fair play-ansvarleg)	20
6.2.4.3 Rekrutteringsansvarleg	20
6.2.4.4 Miniputtansvarleg	20
6.2.5 Rolle tilhøyrande spelarutviklar (blir delegert til fleire personar)	21
6.2.5.1 Landslagsskuleansvarleg	21

7.0 Klubben sine aktivitetstilbud	21
7.1 Barnefotballen, 6-12 år	21
7.2 Ungdomsfotballen, 13-19 år	22
7.3 Seniorfotball/a-lagsfotball	23
8.0 Laga sin organisering	24
8.1 Treinar	24
8.2 Lagleiar	24
8.3 Kampvert	25
9.0 Klubbdrift/rutinar	26
9.1 Politiattest	26
9.2 Medlemskontingent, treningsavgift og medlemsskap	27
9.2.1 Eigenandeler	27
9.3 Forsikring	27
9.4 Gjennomføring av klubben sine heimekampar	28
9.5 Bruk av klubbhus, anlegg, utstyr m.m.	30
9.6 Oversikt over kva arrangement og møte klubben har	30
9.7 Informasjon om dommarar	32
9.8 Retningslinjer knytt til materiell	33
9.8.1 Drakter, shorts og sokkar	34
10.0 Økonomi – plan for økonomistyring	35
10.1 Rekneskap	35
10.2 Økonomistyring og budsjett	35
10.3 Kontanthandtering	36
10.4 Bruk av bankkonto	36
10.5 Lagskassar	36
10.6 Rekneskapsbetaling	36
10.7 Bilgodgjersle og reiserekningar	36
10.8 Innkreving	37
10.9 Økonomisk ansvar	37
11.0 Informasjon og kommunikasjon	37
12.0 Utdanning og kompetanse	38
12.1 Styret og lagleiarar	38
12.2 Treinarar	38
13.0 Dugnad og frivillig arbeid	39
14.0 Klubben sin rolle som samfunnsaktør	39

15.0	Detaljert beskriving av Trygge Rammer	41
16.0	Årshjul	43
17.0	Rekrutteringsplan	51
18.0	Dommarutviklingsplan	54
19.0	Sesongplanar og retningslinjer for kampavvikling	57
20.0	Detaljerte beskrivingar av ulike klubbrollar	62
20.1	Rekrutteringsansvarleg	62
20.2	Dommaransvarleg	64
20.3	Sportsleg leiing	66
20.4	Trenarveileдар	69
20.5	FIKS-ansvarleg	71
20.6	Kvalitetsklubbansvarleg	73
20.7	Politiattestansvarleg	75
20.8	Fair play-ansvarleg	76
21.0	Utmerkingar	78



Klubbinformasjon:

Klubbnamn:	IL Bjørn
Stifta:	1966
Postadresse:	Postboks 116, 6868 Gaupne
E-postadresse:	fotball@ilbjorn.no
Internettadresse:	http://www.ilbjorn.no/
Organisasjonsnummer:	975.499.049
Medlem av:	Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite
Tilknytt:	Norges fotballforbund (NFF) og NFF Sogn og Fjordane
Sist oppdatert:	29.01.2025
Utarbeida av:	IL Bjørn Fotballstyre
Godkjent av:	Hovudstyret og Fotballstyret 29.01 2025

1.0 Innleiing

Klubbhandboka er utarbeida av fotballstyret etter innspel frå hovudstyret, trenarar, utøvarar og foreldre i klubben. Handboka er eit styringsverktøy og eit arbeidsverktøy for alle medlemmar, utøvarar, foreldre, styret, komitear, utval, trenarar og dommarar i klubben. Handboka skal nyttast til å forstå og kommunisere om kva som er viktig i klubben, kven me er og kva målgruppe me er til for. Handboka skal svare på dei viktigaste spørsmåla om klubben og gjere det enkelt å finne kva som gjeld internt. Den skal også sikre at det er kontinuitet i det som blir bestemt og det som blir gjort.

Klubbhandboka skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på klubben si heimeside

<http://www.ilbjorn.no/grupper/fotball/>

Klubbhandboka skal årleg reviderast og leggjast fram på fotballstyremøte i november/desember. Handboka skal endeleg godkjennast i hovudstyre i januar månad.

Om det sportslege: Klubben har eigen sportsplan, som også er ei rettesnor og eit hjelpemiddel for alle i klubben. Den skal sikre at alle årstrinna skal trenast etter dei same prinsippa og jobbe etter dei same grunnverdiane slik at dei er rusta til å ta neste steg på aldersskalaen.



Sportsplanen skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på klubben si heimeside, <http://www.ilbjorn.no/grupper/fotball/>. Sportsplanen blir også tilgjengeleg til alle trenarar- og lagleiarar i Spond.

1.1 Om klubben

Idrettslaget Bjørn femner om alle grendene frå Høyheimsvik til Mollandsmarki via Gaupne og til øvst i Jostedalen, samt medlemmar frå andre deler av kommunen og nabokommunen. Laget har aktivitetar innan fotball, handball, sku, symjing, trim, volleyball, barneidrett og motorsport.

Idrettslaget vart skipa i Gaupne den 21.mai 1966. Kåre Øvregard skreiv i «Bjønnaposten 2006» ein fyldig omtale av skipinga:

«Ingen av dei personane som var samla i ungdomshuset Soltun i Gaupne den 21. mai 1966 og gjorde dei framtidsette vedtaka om skiping av eit nytt idrettslag i bygdene våre, hadde klåre førestillingar om korleis utviklinga for laget kom til å bli. Men det var ein flokk idealistar med sterke draumar om utvikling, og at "ei sunn sjel i ein sunn kropp" måtte få grorbotn og vokstervilkår i nærmiljøet. Det var ein flokk samfunnsinteresserte personar som i kvar si heimegrend gjennom fleire år hadde lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å gje born og unge eit aktivt og trygt fritidstilbod. Ingen hadde tankar om at det vesle laget dei var "fødselshjelparar" til skulle veksa seg så stort og på stutt tid bli ein så sterk kulturell institusjon som laget synte seg å bli. Men dei trudde på ideen og på folka som skulle setja ideen ut i livet -! Dei trudde på eit framhald av det som hadde vore før -!»

Etter "gamal skikk og bruk" vart ikkje namnet på "barnet" offentleg vedteke ved sjølve fødselen! Grunnen var at det låg ikkje føre noko godt framlegg. Laget ynskte å finna fram til eit heilt geografisk nøytralt namn, men som likevel hadde både ein "klang" og ei viss tilknytning til området laget representerte. Det var fyrst på eit styremøte i august (1966) at namnet "Idrettslaget BJØRN" dukka opp. Namnet vart straks akseptert som eit godt og samlande namn. Heile området som det nye idrettslaget femner om er frå gammalt eit kjent, berømt og berykta bjønnarrike. I gamal tid vart det i desse bygdene skote opptil fleire bjørnar kvart einaste år -!»

Det var om lag 100 medlemmar i 1966. Kontingenten var på 5 kr for vaksne og 2 kr for born. Det var inga treningsavgift og budsjettet var på 748,10 kroner.

I dagens samfunn er det lokale idrettslaget viktigare enn noko gong. Idrettslaget skal i hovudsak bidra til glede, meistring og sosiale fellesskap. I tillegg er idretten viktig inn mot



andre samfunnsområde som folkehelse, fysisk aktivitet, inkludering, mangfold, danning, oppdraging, bærekraft.

I dag (2026) er det om lag 900 medlemmar.

Årleg medlemsavgift er for 2026-sesongen:

- Ordinær medlemsavgift: kr. 300,-
- Familiemedlemskap: kr. 750,-

Årleg treningsavgift er på:

- 0-5 år kr. 0,-
- 6-9 år kr. 300,-
- 10-14 år kr. 600,-
- 15-19 år kr. 800,-
- 20 år >>>> kr. 1000,-

2.0 Klubben sin visjon og mål

IL Bjørn fotball deler Norges fotballforbund sin visjon: «FOTBALL FOR ALLE – glede, draumar og fellesskap». Fotball for alle er hovudbodskapen for vår aktivitet, forsterka av uttrykka glede, draumar og fellesskap. Visjonen skal vere retningsgjevande, inspirerande og utfordrande

Meir konkret skal IL Bjørn fotball utvikle ein lokal fotballkultur og kvalitet (ferdigheiter, haldningar, miljø) på ein måte som er til glede og verdi for spelarar, leiarar, samarbeidspartnarar og lokalsamfunnet vårt. Det SKAL vere FOTBALLGLEDE FOR ALLE!

Målsetjingar:

- På alle nivå i IL Bjørn fotball skal det arbeidast for å skape trivsel og samhald slik at det vert etablert ei sterk klubbkjensle hjå leiarar, trenarar, spelarar og foreldre.
- Klubben skal vere bevisst det sosiale ansvaret i lokalmiljøet ved å gje eit aktivitetstilbod til alle som ynskjer å spele fotball.
- Aktiviteten i IL Bjørn, både sportsleg og administrativt, skal leggjast til rette for å bidra til å utvikle gode fotballspelarar.



- Det er eit mål at klubben skal utvikle spelarar til seniorlag, toppfotball, og at spelarar frå klubben skal vere representert på tiltak i regi av NFF og NFF Sogn og Fjordane (fotballskule, akademilag, sonelag, kretslag, regionslag og landslag).
- IL Bjørn skal gjennom utdanningstilbod, fagleg oppfølging, rettleiing, koordinering av aktivitetane og sosiale tiltak arbeide for kontinuitet og rekruttering både blant trenarar, lagleiarar og administrative leiarar.
- IL Bjørn skal arbeide aktivt for å rekruttere både eigne klubbdommarar og rekrutteringsdommarar. Klubben bør til ei kvar tid oppfylle det kravet til tal dommarar som vert stilt frå NFF / fotballkrinsen.
- IL Bjørn skal kjenneteiknast av spelarar med gode og positive haldningar.
- IL Bjørn skal legge til rette for at alle trenarar har fotballkompetanse til å sikre god aktivitet på treningsfeltet

3.0 Klubben sitt verdigrunnlag

IL Bjørn fotball deler Norges fotballforbund sitt verdigrunnlag. FAIR PLAY og RESPEKT er fotballen sine internasjonale kjerneverdier og grunnleggande for all vår aktivitet. Hjå oss underbyggast dei av verdiane: TRYGG – INKLUDERANDE – MODIG.

TRYGG

I NFF og i IL Bjørn skal me ta vare på våre medlemmar. Fotballen skal vere ein trygg og god stad å vere. Trygg fotball for alle inneber nulltoleranse for vald og alle former for diskriminering.

INKLUDERANDE

Fotball er for alle. Me praktiserer likeverd og sørger for integrering i våre aktivitetar. Det skal vere openheit om prosessar og beslutningar. Me skal vise respekt, glede og engasjement.

MODIG

Me skal vere ambisiøse. Både på og utanfor bana.

Me skal viser mot som spelarar, trenarar, dommarar og leiarar på alle nivå.

Meir konkret skal IL Bjørn fotball arbeide etter prinsippet «flest mogeleg – best mogeleg – lengst mogeleg».



Vårt mål skal alltid vere å rekruttere flest mogeleg jenter og gutar frå 6 år og oppover til å spele fotball. Me skal gje alle som ynskjer det, eit fotballtilbod som tilfredstiller deira ambisjonar og ferdigheiter!

Det skal vere lov å vere god og det er eit mål at spelarar frå eigen klubb blir så gode at dei kan forsvare ein plass på klubbens a-lag.

Fotballstyret skal legge til rette for at sportslege aktivitetar og ambisjonar kan nåast.

3.1 Fair play

Fair play er eit samleomgrep for IL Bjørn fotball sitt verdjarbeid. Fair play handlar om overordna verdiar, respekt for andre menneske og om å forsterke vennskap. Fair play handlar om det som skjer på og utanfor fotballbana, og er den verdibaserte normen som skal gjennomsyre all aktivitet på alle nivå. Dette inneber respekt for, og etterleving av gjeldande regelverk, retningslinjer og verdisett.

Fair play-ansvarleg har det overordna ansvaret for utvikling, planlegging og gjennomføring av Fair play-arbeidet til IL Bjørn fotball. Sjå meir om denne rolla under rollebeskrivingar.

Meir konkret skal IL Bjørn fotball vere ein klubb som har eit godt omdømme når det gjeld Fair play. Eit av idrettens ideal er å vere gode vinnarar og taparar. Det betyr at me kan glede oss over ein siger, men ikkje blir overlegne og arrogante ovanfor motstandar. Det handlar om å tåla å tape utan å kjefta på dommarer eller med- og motspelarar og om å takke for kampen uansett resultat.

Dommarar SKAL IKKJE kritisera.

Trenarar og leiarar bør gje ut «gule kort» når dei ser dårleg oppførsel, banning, kjefting og usportsleg framferd på trening og i kampar.

Fair play er JA til respekt, toleranse og nestekjærleik og NEI til rasisme og mobbing!

Hugs å snakke med spelarar og føresette om Fair play i spelarmøte, foreldremøte og andre anledningar der laget er samla.

Hels på motstandaren si lagleing og dommar før kampen. Hugs at du som trenar er leiar og eit førebilete.

Hugs å opptre som gode rollemodellar!

3.2. IL Bjørn fotball sine fair play-målsetjingar:

- Alle i IL Bjørn skal vise respekt for kvarandre på og utanfor bana



- Alle i IL Bjørn jobbar for å skapa eit miljø som er positivt og basert på gjensidig respekt
- Alle i IL Bjørn skal vera med å skape gode haldningar
 - Ta godt vare på dine medspelarar og inkluder nye lagkameratar
 - Unngå stygt spel og filming
 - Skape trygghet og god lagånd på bana
 - Trene og spele kampar med godt humør
 - Behandle motstandarar og dommarar med respekt
 - Takke motstandar for kampen
 - Ikkje kjeffe på motstandar eller dommar

3.3 Foreldrevettreglar

Som føresette og foreldre kan du bidra til å gjere barne- og ungdomsfotballen til ei oppleving for borna. Her er nokre hugsereglar:

1. Støtt opp om IL Bjørn fotball sitt arbeid
 - Gjennom foreldremøte skal fotballen og klubben sitt verdisyn forankrast
2. Møt fram til kampar og treningar
 - Du er viktig både for spelarane og miljøet
3. Gje oppmuntring til alle spelarane i med- og motgang
 - Dette gir trygghet, trivsel og motivasjon for å bli i fotballfamilien lenge
4. Me har alle ansvar for kampmiljøet
 - Gje ros til begge lag for gode prestasjonar og Fair play
5. Respekter trenarane si kampleiing
 - Konstruktiv dialog om gjennom skal takast opp med trenar og klubb i etterkant
6. Respekter dommarane sine avgjersler
 - Sjølv om du av og til er ueinig
7. Det er ditt barn som spelar fotball. Opptre positivt og støttande
 - Då er du ein god lagspelar!

4.0 Trygge rammer

Norges idrettsforbund sine verdier er **fellesskap, meistring og ærlegheit** og Norges fotballforbund sine verdier er **trygg, inkluderandre og modig**. Desse verdiane gjer idretten og fotballen unik!

Aktivitetane skal føregå innanfor rammer der alle opplev trygghet. Trivsel og trygghet er fundamentalt for god sportsleg utvikling. Ein kvalitetsklubb skal velje tema årleg og det skal jobbast med å utarbeide og implementere retningslinjer innan temaet.

Temaa ein kvalitetsklubb skal jobbe med er:

- Eat Move Sleep
- Seksuelle overgrep og trakassering
- Doping
- Alkohol
- Trafikksikkerheit
- Kampfiksing og speleavhengigheit
- Mobbing og rasisme (som inngår i Fair play)
- Skadar og forsikring

Sjå punkt 17.0 Detaljert beskriving av Trygge Rammer.

5.0 Klubben sine lover

Klubben har eigne vedtekter basert på lovnormen for idrettslag som finst i [lovheftet frå Noregs Idrettsforbund \(NIF\)](#). Klubben sine vedtekter er vedteke på årsmøtet og godkjent av Vestland Idrettskrins.

Gjeldande vedtekter, «Lov om IL Bjørn» vart godkjent på årsmøte 7.mars 2018. Sjå vedlegg 1.


6.0 Klubben sin organisering

I denne delen av handboka beskriv me korleis klubben er organisert. Då IL Bjørn er eit fleiridrettslag og IL Bjørn fotball er ein intern organisasjon av idrettslaget, er det naturleg at me fyrst omtalar idrettslaget si organisering, før IL Bjørn fotball si organisering med påfølgjande rollefordelingar blir utdjupa.

6.1 Idrettslaget Bjørn sitt organisasjonskart med rollebeskrivingar

IL Bjørn er eit fleiridrettslag og IL Bjørn fotball er ein intern organisasjon av idrettslaget. IL Bjørn fotball sin leiar rapporterer til hovudstyret og stiller som representant på årsmøtet. IL Bjørn fotball har ikkje eige årsmøte men forhold seg til idrettslaget sitt årsmøte. IL Bjørn fotball leverer kvart år inn forslag til budsjett til hovudstyret, og økonomiansvarleg som sit i hovudstyret styrer rekneskapen. Det er tett dialog gjennom heile året mellom økonomiansvarleg og leiar/nestleiar i fotballgruppa.

Vidare blir det fyrst gjort greie for idrettslaget si organisering og rollebeskrivingar, før ein går i djupna på IL Bjørn fotball si organisering, ansvarsområde og rollebeskrivingar.



6.1.1 Årsmøtet

Årsmøtet er klubben sin høgaste mynde i idrettslaget og vert halde kvart år i mars. Årsmøtet vel mellom anna hovudstyret, gruppestyrer og valkomité og fast agenda er:

- Opning v/ leiar i idrettslaget
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å signera protokollen
- Godkjenning av hovudstyret og gruppene sine årsmeldingar
- Godkjenning av rekneskap
- Godkjenning av budsjett
- Innkomne saker
- Val



Årsmøtet sine oppgaver er nærare omtala i klubben sine lover. Der framgår det også korleis årsmøtet skal kallast inn.

For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i klubben i minst ein månad og ha betalt kontingent.

Innkalling til årsmøte skal annonserast på i klubben sine kommunikasjonskanalar (heimeside, e-post, Spond, Facebook).

Årsmøtet legg grunnlaget for klubben si verksemd og styret sitt arbeid. Alle som ynskjer å vere med på å bestemme kva klubben skal gjere, og korleis den skal drivast, bør delta på årsmøtet.

6.1.2 Hovudstyret

Hovudstyret er klubben sin høgaste mynde mellom årsmøta. Nokon saker kan ikkje styrebehandlast, men må behandlast på årsmøtet. Det gjeld saker som framgår av «Årsmøtet sine oppgaver», og saker som er av ekstraordinær karakter eller av betydeleg omfang med tanke på klubben sin storleik og verksemd. Dersom styret er i tvil, bør saka opp på årsmøtet.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak kan fattast med fleirtal av dei gidde stemmene. Ved stemmelikheit er møteleiaren si stemme avgjerande. Styremedlemmane pliktar å respektere eit styrevedtak, sjølv om det er fatta mot vedkommande si eiga stemme.

Styremøter kan haldast fysisk, digitalt (Teams, Zoom), per. e-post eller per telefon. [Sjå Lovnorm for idrettslag. Veileder.](#)

Styret består av valte medlemmar, samt at leiarar for idrettslaget sine grupper stiller ved aktuelle saker.

Hovudstyret har det overordna ansvaret for organisering og administrasjon og styret står fyrst og fremst ovanfor det organ som har valt det, - årsmøtet.



Hovudstyret sine oppgåver er mellom anna:

- Planlegge og leie idrettslaget si totale drift
- Iverksette årsmøtet sine vedtak og bestemningar
- Sjå til at organisasjonen har ei tilfredstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har ei forsvarleg økonomistyring
- Oppnemne medlemmar til komitear og utval for spesielle oppgåver

Hovudstyret til IL Bjørn består av:


- Leiar
- Nestleiar
- Økonomiansvarleg
- Sekretær
- Medlemsansvarleg
- Anleggsansvarleg
- Bussansvarleg
- Sponsoransvarleg
- Materialforvaltar

6.2 Fotballstyret sitt organisasjonskart, samansetnad og oppgåver

IL Bjørn er eit fleiridrettslag og IL Bjørn fotball er ein intern organisasjon av idrettslaget. IL Bjørn fotball sin leiar rapporterer til hovudstyre og stiller som representant på årsmøtet. IL Bjørn fotball har ikkje eige årsmøte men forhold seg til idrettslaget sitt årsmøte.

IL Bjørn fotball leverer kvart år inn forslag til budsjett til hovudstyret, og økonomiansvarleg som sit i hovudstyret styrer rekneskapen. Økonomiansvarleg også ansvaret for revidering av rekneskap. Det er tett dialog gjennom heile året mellom økonomiansvarleg og leiar/nestleiar i fotballgruppa.

Funksjonar og rollar i IL Bjørn fotball



6.2.1 Fotballstyret

Fotballstyret blir valt på idrettslaget sitt årsmøte og er fotballgruppa sin høgaste mynde mellom årsmøta. Fotballstyret består av valte medlemmar, samt ved behov kan kalle inn representantar frå andre grupper og/eller utval.

Fotballstyret er fotballgruppa sin representant utad og fattar avgjersler. Fotballstyret har det overordna ansvaret for organisering og administrasjon. Fotballstyret rapporterer til hovudstyret.

Fotballstyret sine oppgåver er mellom anna:

- Planlegge og leie fotballgruppa si totale drift og sportslege aktivitet
 - Legge til rette for både barne/ungdoms- og seniorfotball for både gutar og jenter
- Iverksette fotballstyret sine vedtak og bestemmingar
- Sørge for at klubben blir drive i samsvar med gjeldande lover og reglar
- Utarbeide handlingsplanar
- Sjå til at gjeldande handlingsplan blir følgt og at ein når dei mål som er fastsett
- Utvikling av klubben sin organisasjon og anlegg

- Kommunikasjon innad og utad

6.2.2 Fotballstyret sine funksjonar:

6.2.2.1 Leiar

- Fastsette agenda for fotballstyremøte og leie møta
- Overordna ansvar for utarbeiding/vidareutvikling av strategi og planar for klubben
- Ansvarleg for vidareutvikling av det sportslege tilbodet
- Overordna ansvar for sportsplan og kvalitetssikre at denne ligg til grunnlag for gjennomføring av aktiviteten i klubben
- Rapportere saker og status til hovudstyret
- Ansvarleg for aktivitetslista
- Ansvarleg for å sette opp treningstider
- Planlegg og leiar lagleiar møter
- Oppfølging spelarlistar
- Sportsleg ansvarleg
- Kvalitetsklubbansvarleg
- FIKS-ansvarleg
- Svare på spørsmål som blir stilt på Facebook
- Vidaresende informasjon som kjem på fotball@ilbjorn.no

6.2.2.2 Nestleiar

- Fair Play, inkl. ansvar for politiattestar
- Rekrutteringsansvarleg
- Miniputtansvarleg

6.2.2.3 Arrangementsansvarleg

- Overordna ansvar for alle arrangement i klubben
- Koordinering av kioskdirift
- Lage dugnadslister
- Dialog med trenarar, lagleiarar og foreldre
- Søker fotballkretsen om arrangement (KM-futsal)
- Opprettar arrangement, i dialog med Luster idrettsråd om til dømes hall
- Evaluering av arrangement (rapport)

6.2.2.4 Trenerveileदार

- Veilede og følgje opp trenarar i klubben med utgangspunkt i klubben sin sportsplan
- Systematisk oppfølging av enkelttrenarar over tid
- Ansvar for planlegging og gjennomføring av trenarforum (minimum to per sesong)
- Organisere trenarkurs
- Delta i møter ved oppstart av nye lag og hjelpe til å sette saman nye trenarteam
- Kartlegge trenar kompetanse og motivere klubben sine trenarar til å gjennomføre trenarutdanning (jamfør minimumskrav Kvalitetsklubb), og søke fagleg påfyll
- Hjelpe til med rekruttering av trenarar
- Skape gode føresetnader for å lukkast på feltet for oppstartskull, saman med rekrutteringsansvarleg
- Ansvarleg for at kommunikasjon/tilbakemeldingar til trenarar kjem fram
- Delta på relevante samlingar i kurs og regi av krets og Norges fotballforbund

6.2.2.5 Spelarutviklar

- Ansvarleg for spelarutvikling
- Ansvarleg for koordinering av hospitering
- Ansvarleg for oppfølging av spelarar som er med på tiltak (sone, krets, nasjonal, Team S&Fj), samt sette opp treningsplanar til dei
- Ansvarleg for nominerings- og uttaksprosessen til sone

6.2.2.6 Dommaransvarleg

- Ha god kontakt og godt samarbeid med
 - Klubben sine dommarar
 - Lagleiarar og trenarar
 - Klubben sitt styre
 - Fotballkretsen
- Følgje opp og veilede dommarar i kamp
- Lage dommarliste for kvar veke, der kretsen ikkje set opp dommarar
- Gjennomføre klubbdommarkurs i forkant av sesongstart, for både nye og eksisterande dommarar
- Avhalde minimum to årlege samlingar for dommarane
- Skal ha ansvar for å tilby dei som har ambisjonar og talent, vidare oppfølging og etterutdanning i nært samarbeid med kretsen

- Ha oversikt over dommarar i klubben, både klubbdommarar og kretsdommar og til ei kvar tid ha oppdatert liste over klubben sine dommarar med korrekt kontaktinformasjon
- Heve dommaren sin status i klubben

6.2.2.7 Anleggsansvarleg

- Ansvarleg for anlegget
- Buss
- Brøyting
- Sette opp lister for søppeltømming

6.2.3 Rollar tilhøyrande leiar:

6.2.3.1 Sportsleg leiar

- Ansvarleg for vidareutvikling av det sportslege tilbodet
- Overordna ansvar for sportsplan og kvalitetssikre at denne blir lagt til grunn for gjennomføring av aktivitetane i klubben
- Sørge for at trenarar er kjent med klubbhandboka
- Ansvarleg for sportsleg utval som består av leiar, sportsleg leiar, trenarveileidar og spelarutviklar
- Kallar inn til møter i sportsleg utval/sportsleg leiing
- Planlegg og leiar lagleiar møter saman med aktuelle medlemmar i sportsleg utval

6.2.3.2 FIKS-ansvarleg

- Forankring - syta for at nødvendige personar (trenarar, lagleiarar, andre) til ei kvar tid kjenner til påkravde FIKS-oppgåver slik at FIKS blir ein naturleg del av klubbens kvardag
- Brukaradministrasjon - syta for at IL Bjørn fotball til ein kvar tid har personar med nødvendige tilgangar til FIKS
- Oppdatere, vedlikehalde og ajourføre FIKS (fotballens informasjon- og kommunikasjonssystem)
- Kontrollere at lag og personar er oppdatert med nødvendige tilgangar
- Registrere alle lag i seriespel, i rett aldersklasse og nivå, med riktige kontaktpersonar, bane osv.
- Vere superbrukar og opplæringsansvarleg for andre i klubben

6.2.3.3 Kvalitetsklubbansvarleg

- Skal ha inngående kunnskap om konseptet og vere pådrivar for å kommunisere kva Norges Fotballforbund legg i god kvalitet i klubbens planverk i praksis.
- Skal vere klubben sin overordna kontaktperson mot krets og forbund på spørsmål knytt til Kvalitetsklubb/konseptet
- Skal følgje opp dei standardar som er satt i system med tanke på implementering og etterleving av klubben sitt verdjarbeid i praksis.
- Skal sette kvalitetsklubbkonseptet på agendaen til styret slik at ein etterlev dei retningslinjene som er lagt
- Skal vere pådrivar for å knyte elementa i konseptet til den daglege aktiviteten i klubben
- Skal følgje opp og utbetre eventuelle avvik frå kriteriesettet.
- Er ansvarleg og pådrivar for gjennomføring av eigenmelding i etterkant av sertifisering
- Er ansvarleg for årlege statusgjennomføringar for Kvalitetsklubb

6.2.4 Rollar tilhøyrande nestleiar (som blir delegert til fleire personar):

6.2.4.1 Fair play-ansvarleg

- Ha god kontakt og godt samarbeid med klubben sine lagleiarar, trenarar og medlemmar
- Saman med lagleiarar/foreldrekontaktar sørge for at alle lag stiller med kampvertar til sine heimekampar
- Sørge for at alle lag gjennomfører Fair play-helsing før og etter kamp
- Delta på foreldre- og trenarmøte for å forankre klubben sitt Fair play-arbeid og engasjere foreldre og trenarar til å ha fokus på Fair play
- Sørge for at foreldrevettreglane blir etterlevd
- Sørge for profilering av Fair play på klubben si bane/anlegg
- Hjelp lagleiarar og trenarar med å arrangere samtalar ved grove overtramp på Fair play-reglar
- Avhalde Fair play-kveldar for spelarar i barne- og ungdomsfotballen (verdikkveld saman med styret)
- Rapportere på valte fair play-aktivitetar til klubben sitt styre 1-2 gonger pr. år (normalt innan 1.juni og 15.september)
- Levere årsrapport på valte fair play-aktivitetar seinast 1.november

6.2.4.2 Politiattestansvarleg (rolla ligg til Fair play-ansvarleg)

- Sjå til at alle med tillitsverv i klubben framviser gyldig politiattest
- Held oversikt over kven som har framvist godkjent attest og fortlaupande oppdaterer klubben sin politiattest-database
- Tek kontakt med personar som er nye i aktuelle tillitsverv før kvar sesong
- Informerer alle trenarar, lagleiarar og andre med rollar som inneber eit tillits- og ansvarsforhold ovanfor mindreårige, om NFF og Idrettsforbundet sine krav om politiattest
- Rettleier og informerer om søknadsrutinar for politiattest
- Er tilgjengeleg for framvising av godkjent attest
- Rapporterer til fotballstyret to gonger i året om status for politiattestar

6.2.4.3 Rekrutteringsansvarleg

- Ansvarleg for oppstart av nytt årskull
- Lage og få ut informasjon i aktuelle område før oppstart av nytt kull
- Deltek på “Konglerike Kick-off-møte”
- Vere med å bistå på treningar i oppstartsfasen til eit trenarteam eventuelt er på plass
- Rekrutteringsansvarleg, saman med trenarveileidar har ansvar for å kartlegge og rekruttere trenarar og støtteapparat til dei nye årskulla
- Gjennomføre foreldremøte for dei nye årskulla, gjerne saman med representant frå styre. Her er det naturleg at klubben sine verdiar, mål og retningslinjer blir presentert, samt kontingentar og anna nyttig informasjon
- Sosiale tilstellingar etter endt vårsesong og haustsesong
- Hjelp til hjå alle årgangar som har behov for fleire spelarar
- Halde dialog med fotballstyret om planlegging og gjennomføring

6.2.4.4 Miniputtansvarleg

- Saman med rekrutteringsansvarleg, ansvarleg for oppstart av nytt årskull
- Sosiale tilstellingar etter endt vårsesong og haustsesong
- Ansvarleg for informasjon om Konglerike til trenarar og lagleiarar
- Ansvarleg for lagspåmelding til kongleriketurneringar
- Deltek på “Konglerike Kick-off-møte”

6.2.5 Rollar tilhøyrande spelarutviklar (blir delegert til fleire personar):

6.2.5.1 Landslagsskuleansvarleg

- Nominerer aktuelle spelarar til sone/kretslag, i samråd med sportsleg utval
- Følgjer opp alle spelarar som er uttekne på sone og/eller kretslag
- Organiserer treningsvekene i dialog med trenar og spelar for uttekne sone/kretslagsspelarar. Dette gjeld opp mot:
 - Treningsbelastning
 - Treningshospitering
 - Kamphospitering
- Har dialog med soneansvarlege/kretsansvarlege i NFF Sogn og Fjordane

7.0 Klubben sine aktivitetstilbod

Klubben skal legge til rette for at alle våre medlemmar møter fotballkvardagen veke etter veke med gode opplevingar. Luster idrettspark er vår viktigaste arena for å skape gode miljø for dei ulike målgruppene i klubben.

7.1 Barnefotballen, 6-12 år

IL Bjørn fotball har eit fotballtilbod til gutar og jenter frå det året dei fyller 6 år.

Målet med all barnefotball er å gje alle eit godt, lystbetont og trygt tilbod. Ei leikande tilnærming er viktig og fokuset må alltid vere på det kjekkaste med fotballspelet: Å score mål! Klubben ynskjer å skape eit miljø som er prega av respekt, toleranse og likeverd. Tilhøyrslø og godt miljø både blant spelarar og foreldre er fyrst bod for å skape eit Bjørn-lag som kan vare i fleire år og eit lag som kan utvikle fotballspelarar. Ein nøkkel her er å få mange vaksne ressurspersonar involvert.

Alle som har ansvar for barn eller er trenarar for barn, skal kjenne til [idrettens barnerettigheter og bestemningar om barneidrett](#). All aktivitet for barn skal leggast opp slik at klubben følgjer intensjonane i retningslinjene og bestemningane. Dette inneber all aktivitet skal gjennomførast med fokus på:

- Tryggheit
- Vennskap og trivsel
- Meistring
- Påverknad (borna skal vere med å påverke eigen aktivitet)
- Fridom til å velje (velje fleire idrettar m.m.)



- Konkurransar for alle (barn har rett til å velje om dei vil delta i konkurransar eller ikkje)
- Borna sine premissar (tilpassingar)

Me har følgjande spelformer for barnefotballen i IL Bjørn (nasjonal standard):

6-7-åringar:	3ar-fotball
8-9-åringar:	5ar-fotball
10-11-åringar:	7ar-fotball
12-åringar:	9ar-fotball (7ar om for få spelarar)

7.2 Ungdomsfotballen, 13-19 år

Overgangen frå barnefotball til ungdomsfotball kan vere utfordrande for spelarar og trenarar. Spelarane utviklar seg ulikt både fysisk og ferdigheitsmessig.

Resultat blir for mange ein viktigare del av spelet. Fotball handlar om å vinne, me me skal ikkje vinne for ein kvar pris. Me skal alltid oppføre oss, på og utanfor bana, om me vinn eller tapar!

Hovudfokuset er uansett å utvikle spelarar og å utvikle lag. Gode resultat er ein bonus når me utviklar spelarar, men har ikkje hovudfokus i ferdigheitsutviklinga. I denne fasen er det viktig å halde fast ved at me skal gje eit best mogeleg tilbod, til flest mogeleg, lengst mogeleg.

Alle skal ha eit miljø dei trivst i – uansett nivå. Dvs. at alle som har lyst til å spele fotball i IL Bjørn skal få gjere det. Like viktig er det at alle som har lyst til å bli gode til å spele fotball skal få det i IL Bjørn. Viktig at ein også i ungdomsfotballen held fast ved at fotball skal vere gøy. Respekt, toleranse og likeverd ovanfor med- og motspelarar er sentrale verdiar. Openheit i gruppa kan løyse ein del utfordringar. Ta gjerne ungdommen med på råd!

Alle som er trenarar for ungdom i klubben, skal kjenne til [retningslinjene for ungdomsidrett](#). Klubben og trenarane skal sørge for at:

- Ungdom kan bli så gode som dei sjølv vil
- Ungdom kan vere med i fleire idrettar så lenge dei sjølv vil
- Ungdom kan vere med i planlegging og gjennomføring av aktivitet
- Ungdom skal vere med å sette eigne sportslege mål

- Tilbodet i idrettslaget er eit sosialt tilbod fritt for rus og mobbing
- Ungdom skal få tilbod om trenar- leiar og/eller dommarkurs
- Det blir arbeida aktivt for å få ungdom inn i styre og undergrupper, slik at dei kan vere med å påverke

Me har følgjande spelformer for ungdomsfotballen i IL Bjørn (nasjonal standard):

13-14-åringar:	11ar-fotball (9ar og 7ar-fotball også mogeleg)
15-17-åringar:	11ar-fotball (9ar også mogeleg)
18-19-åringar	11ar-fotball (7ar også mogeleg – spelarar i denne alderen høyrer til klubbens a-lag

7.3 Seniorfotball/a-lagsfotball

Seniorfotballen er viktig for IL Bjørn og det er viktig å gje eit tilbod til dei som vil spele seniorfotball i klubben. Utvikling av spelaren står i fokus. Seniorlaga skal vere lag med lokale spelarar der ein skal ha ein kultur for utvikling og trivsel. Det er eit mål at IL Bjørn sin a-lagsfotball utviklar ein eigen spelestil med eigen identitet, der tru på egne ferdigheiter står i fokus.

Spelarar på jente/gutelag som har gode nok ferdigheiter, haldningar og motivasjon skal ha tilbod om å delta på seniorlaget sine treningar og kampar. Kvar einskild spelar i IL Bjørn skal ha tilbod om sportslege utfordringar.

Spelarar som gir seg med å spele fotball må oppmodast om å ta på seg andre funksjonar i klubben, som til dømes dommar, trenar, leiar.

Me har følgjande spelformer for seniorfotballen i IL Bjørn (nasjonal standard):

18 år og eldre:	11-fotball (7ar-fotball også mogeleg)
-----------------	---------------------------------------

I klubben sin sportsplan er det meir informasjon og detaljar knytt til det sportslege. Sjå oppdatert sportsplan på klubben si heimeside (<https://www.ilbjorn.no/grupper/fotball/>)

8.0 Laga sin organisering

I IL Bjørn fotball er me heilt avhengige av frivillige foreldre som driv laga. Me har foreldre som trenarar både i barne- ungdoms og vaksenfotballen. Eit lag har behov for fleire støttefunksjonar i tillegg til det sportslege. Ansvarsbeskrivingar for den enkelte rolle er avhengig av kor mange rollar oppgåvene blir fordelt på. Oppgåvene kan fordelast på fleire rollar, men det bør minimum vere følgjande rollar rundt eit lag

8.1 Trenar

- Følje klubben sin sportsplan
- Har ansvaret for det sportslege tilbodet (treningsopplegg, laguttak og kampleiing)
- Deltak på klubben sine trenar- og lagleiarmøter
- Spelarsamtalar
- Følgjer opp kvar enkelt spelar best mogeleg
- Samarbeider med trenarteamet og lagleiar for å skape eit godt miljø i gruppa/laget
- Tek trenarkurs som følgjer laget sine kompetansekrav
- Set seg inn i klubben sitt verdigrunnlag og retningslinjer for utøvarar/spelarar og trenarar, sjå gjeldande sportsplan
- Er oppdatert på informasjon frå styret
- Set seg inn i barneidrettsbestemmingane og retningslinjer for ungdomsidrett frå Noregs idrettsforbund
- Representerer klubben på ein god måte

8.2 Lagleiar

- Bindeledd mellom trenar og spelarar/foreldre. Ansvarleg for distribusjon av naudsynt informasjon til foreldre/spelarar
- Kontaktperson for motstandarlag
- Ansvarleg for å etterleve NFFs breiddereglement når det gjeld kampendring, fråvær frå kamp, soningsreglar og bruk av overårige spelarar m.m. Fullstendig oversikt finn ein her:
[Norges fotballforbunds breiddereglement](#)
- Sørge for at spelarar på laget er registrert til kampar i FIKS (gjeld ungdomsfotballen)
- Utnemne kampvert til laget sine heimekampar
- Distribuere kampoppsett, vår- og haustsesong til foreldre
- Halde foreldremøte saman med trenarar



- Halde orden på draktsett

8.3 Kampvert

Før kampen:

- Sørge for at garderobar, bane og mål er i orden. Hjelp til å sette opp bane. Obs. kjegler/hattar til pressoner. Dette i samarbeid med lagleiar/trenar
- Ynskje velkomen til begge lag og dommar/dommarar
- Oppfordre til at tilskodarar blir plassert på motsett side av laga sine trenarar og innbytarar
- Minne heimelaget sin trenar i å avhalde fair play-møtet
- Minne trenarar og dommar om å organisere fair play-helsing før kampstart
- Ha kunnskap om kvar klubben sin hjartestartar er og ha telefon til å ringje 113

Under kampen

- Støtte dommaren og sjå til at reaksjonar mot dommar er innanfor rimelegheita sine grenser
- Prate med dommar i pausen
- Servere kaffi og frukt til heimelag og bortelag
- Oppfordre til gode og positive tilrop frå foreldre, og ta kontakt om det går over streken. Vise til foreldrevettreglar og klubben sine verdiar
- Oppfordre til positivitet frå trenarar/lagleiarar både mot spelarar og dommarar

Etter kampen

- Minne trenarar og dommarar om å organisere fair play-helsing
- Takkar begge lag og dommar
- Tek initiativ til rydding rundt bana etter kampslutt
- Gjennomgå garderobane /rydde/koste)
- Sjå til at inngangsdørrar er låst før ein forlèt anlegget

9.0 Klubbdrift/rutinar

9.1 Politiattest

Norsk idrett skal opplevast som ein trygg og god stad å vere for born, ungdom og personar med funksjonshemming. Derfor må alle trenarar, instruktørar og lagleiarar som har nær kontakt med mindreårige og personar med funksjonshemming framvise politiattest

Kvifor blir det kravd politiattest?

Styret i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) vedtok 10.mars 2008 at heile norsk idrett skal krevje politiattest mot seksuelle overgrep mot barn. Ordninga gjeld alle som skal utføre oppgåver som i vesentleg grad inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Ordninga trådde i kraft 1.januar 2009.

Korleis får eg ein politiattest?

Ein må sjølv sende søknad til politiet. Meir info finn du [her](http://politiet.no) (politiet.no). For IL Bjørn sin del blir dette no gjort elektronisk. Før ein kan søke om politiattest må ein få ei stadfesting på at det føreligg eit behov for politiattest. Dette skjemaet får du av politiattestansvarleg i klubben og skjemaet skal leggest ved søknad. Etter at politiet har behandla søknaden blir attesten sendt til søkaren sjølv, og så må ein sjølv framvise den for politiattestansvarleg. Attesten er gyldig så lenge føremålet er det same.

Me er underlagt det som er bestemt i NIF – og den utfyllande informasjonen kan lesast om [her](#).

Søknad skal sendast til politiet og den godkjente attesten skal framvisast for politiattestansvarleg!

14.november 2024 lanserte Norges idrettsforbund saman med Posten/Digipost ei heil ny digital teneste som forenkler prosessen med å vurdere kven som treng politiattestar, sende føremålsskjema og vise fram attestane på ein sikker måte.

Presisering

Personar som **ikkje** har framvist politiattest utan merknad, kan **ikkje** settast til oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

9.2 Medlemskontingent, treningsavgift og medlemskap

IL Bjørn er eit fleiridrettslag. Medlemskontingenten blir fastsett på klubben sitt årsmøte.

Kontingenten betalast for kvart medlem. Ved fleire medlemmar blir det tilbydd familiemedlemskap.

Betalt medlemskontingent er heilt avgjerande for å vere med på organisert aktivitet i IL Bjørn fotball, det gjeld også med tanke på grunnleggande forsikringar. Har ein ikkje betalt denne, har ein heller ikkje lov til å spele kampar – [NFF paragraf 2-1](#). Ein er fyrst medlem når medlemskontingenten er betalt.

Årleg medlemsavgift 2025:

- Ordinær medlemsavgift: kr. 300,-
- Familiemedlemskap: kr. 750,-

Årleg treningsavgift 2025:

- 0-5 år: kr. 0,-
- 6-9 år: kr. 300,-
- 10-14 år: kr. 600,-
- 15-19 år: kr. 800,-
- 20 år >>>> kr. 1000,-

Leiar i fotballgruppa er ansvarleg for oppdaterete medlemstal i fotballgruppa. Fotballstyret har elektronisk oversikt over medlemmar og stadig dialog og oppfølging i samarbeid med alle lag sine lagleiarar. IL Bjørn fotball brukar også medlemssystemet FIKS. FIKS er Fotballens Interne Kommunikasjonssystem. Her føregår mykje av den elektroniske kommunikasjonen med tanke på kamprapportar, overgangar, lagspåmelding i serie. Alle spelarar frå 12 år må vere registrert i FIKS for å vere forsikra av klubben sine lagsforsikringar.

9.2.1 Eigenandeler

Eigenandeler kan førekomme ved deltaking på spesielle arrangement (turneringar) og dette må gjennomgåast og takast internt i laga.

9.3 Forsikring

[Fotballforsikringa](#) inkluderer fotballspelarar i alle aldrar.



For spelarar under 12 år er det eit krav om at spelarane er registrert som medlem av ei fotballgruppe/fotballklubb tilknytt Norges Fotballforbund. Spelarane vil dermed også vere dekkja av utøving av organisert aktivitet i andre idrettslag som er medlem av Norges Idrettsforbund. Dette betyr at alle fotballspelarar uavhengig av alder og nivå, har same dekning under grunnforsikringa.

Spelarar som fyller 12 år må vere registrert i FIKS som aktive med lagsforsikring for å vere dekkja av forsikringsordninga.

Ved skadar av antatt alvorlegare grad som treng medisinsk oppfølging må spelaren sjølv (spelarar over 18 år) eller føresette dersom spelaren sjølv er under 18 år registrere skaden [her](#).

Spelarar frå barnefotball til seniorfotball kan kjøpe [individuell forsikring](#). I lenkja kan de lese om fordeler ved å kjøpe utvida/individuell forsikring.

9.4 Gjennomføring av klubben sine heimekampar

IL Bjørn fotball har utarbeida retningslinjer for gjennomføring av kampar i barne- og ungdomsfotballen. Kampar er ein viktig del av fotballaktiviteten og ein viktig arena for utvikling og meistring. Gode rutinar gir ei klar veiledning til korleis kampar og ramma rundt desse skal vere hjå oss.

Kampvert

For å sikre ei fin ramme rundt aktiviteten er kampvert-rolla særst viktig rolle. Alle IL Bjørn fotball sine lag SKAL ha kampvertar på sine heimekampar. Det er både viktig og hyggjeleg at heimelaget har ein vert som tek imot gjester, og ein kampvert har også ein tydeleg og respektert rolle under kampen. Kampverten si oppgåve er å bidra til ei god ramme rundt kampen prega av fair play og sørge for at kampleiaren (dommaren) får tilstrekkeleg med støtte.

Kampverten skal ha på seg ein eigen kampvertvest. Vestane heng i servicebygget ved Luster idrettspark. Alle laga sine lagleiarar bør vurdere om det er naudsynt med fleire kampvertar. Ved større arrangement må ein også vurdere om ein skal ha endå fleire kampvertar.



Kampverten bør som hovudregel møte 1 time før oppsett kampstart.

Hovudoppgåvene til kampverten (ane) er:

Før kampen:

- Sørge for at garderobar, bane og mål er i orden. Hjelpe til å sette opp bane. Obs. kjegler/hattar til pressoner. Dette i samarbeid med lagleiar/trenar
- Ynskje velkomen til berre lag og dommar/dommarar
- Oppfordre til at tilskodarar blir plassert på motsett side av laga sine trenarar og innbytarar
- Minne heimelaget sin trenar i å avhalde fair play-møtet
- Minne trenarar og dommar om å organisere fair play-helsing før kampstart
- Ha kunnskap om kvar klubben sin hjartestartar er og ha telefon til å ringje 113

Under kampen

- Støtte dommaren og sjå til at reaksjonar mot dommar er innanfor rimelegheita sine grenser
- Prate med dommar i pausen
- Servere kaffi og frukt til heimelag og bortelag
- Oppfordre til gode og positive tilrop frå foreldre, og ta kontakt om det går over streken. Vise til foreldrevettreglar og klubben sine verdiar
- Oppfordre til positivitet frå trenarar/lagleiarar både mot spelarar og dommarar

Etter kampen

- Minne trenarar og dommarar om å organisere fair play-helsing
- Takkar begge lag og dommar
- Tek initiativ til rydding rundt bana etter kampslutt
- Gjennomgå garderobane /rydde/koste)
- Sjå til at inngagsdørar er låst før ein forlèt anlegget

Sjå også punkt 16.0 om sesongplan og retningslinjer for kampavvikling (kjem seinare i klubbhandboka)



9.5 Bruk av klubbhus, anlegg, utstyr m.m.

Servicebygget til IL Bjørn er viktig for klubben.

Servicebygget består av fleire utstysrom, kjøkken (der kioskdirifta i samband med arrangement i hovudsak føregår) og eit møterom i 2.etasje. Møterommet blir også brukt til speakerteneste ved større arrangement. I møterommet er det fjernsyn med mulegheit for streaming og presentasjonar. Rommet har plass til 6-8 personar.

Trenar og lagleiarmøte, samt andre møte med fleire enn 10 personar, plar vere i lagshuset. Foreldremøte og avslutningar for lag kan haldast i lagshuset. Booking av romma skjer via [Luster kommune sine nettsider](#)

IL Bjørn fotball brukar garderobar i Gaupne idrettshall. Ta kontakt med kioskansvarleg med tanke på nøkkelkort.

IL Bjørn fotball brukar [Luster idrettspark](#) som sin hovudarena (me har klubbsamarbeid med fleire lag, noko som gjer at også anlegg på Hafslo, på Skjolden og på Kaupanger kan nyttast).

Klubben eig ein 17-seters minibuss («Bjørn-bussen»). Køyretøyet blir primært brukt til IL Bjørn sine lag sine bortekampar. For IL Bjørn fotball sin del blir det før kvar vår- og haustsesong laga busslister, der bussen blir fordelt på dei ulike laga. Kriterium som spelar inn her er reiseveg og alder på spelarar. Eit mål kvar sesong er at alle klubben sine spelarar som spelar serie skal få nytte seg av Bjørn-bussen.

IL Bjørn har eigen materialforvaltar (utstysansvarleg m.m.). Materialforvaltar har ansvar for innkjøp av diverse utstyr til alle laga (for IL Bjørn fotball sin del: fotballar, drakter, tape, kjegler/hattar, baggar, isspray m.m.). Materialforvaltar har også ansvar for klubbevekene og tek hand om bestillingslister. Materialrommet (utstysrommet) er i lagshuset.

9.6 Oversikt over kva arrangement og møte klubben har

I løpet av eit fotballår (sesong) har IL Bjørn fotball ansvar for ei rekkje arrangement og møte for både spelarar, trenarar, lagleiarar og foreldre.

Oppstartsmøte med foreldre i nytt årskull

Møte blir halde i mars måned. Eit informasjons- og dialogmøte. Forventingar frå klubb og foreldre

Trenar og lagleiar møte

Møtet blir halde i anten slutten av mars eller i starten av april. Fokus på komande sesong med tema som verdiar, rutinar m.m

Kick-off

Kvart år i april arrangerer klubben Kick-off for ny fotbalsesong for heile klubben.

Arrangementet startar med eit fagleg innhald og tema frå «Trygge rammer» som del av innhaldet i det å vere Kvalitetsklubb. I tillegg vil dei ulike laga presenterast, til dømes kva lag som er samarbeidslag, samt at klubben sine frivillige kan få ein anledning til å bli betre kjent med fotballstyret, trenarar, lagleiarar og andre tillitsvalde og frivillige i klubben.

Klubbdommarkurs

Blir halde i slutten av mars eller tidleg april. Obligatorisk for alle 13-åringane i klubben. Andre spelarar/dommar blir også inviterte. Representant frå NFF Sogn og Fjordane (dommarutviklar) held kurset.

Kongleriketturnering

IL Bjørn fotball plar arrangere Kongleriketturnering i juni måned. Dette er ein fotballens dag for store og små og eit viktig arrangement for klubben.

Lerum Cup

IL Bjørn fotball er medarrangør på Lerum Cup i juni. Sogndal fotball er hovudarrangør av turneringa, men mange lag overnattar og spelar kampar i Gaupne.

Miniputtavslutning vårsesong

Felles avslutning med aktivitet, mat og drikke i slutten av juni måned

Trenarforum

Blir halde to gonger i løpet av sesongen (høvesvis mai og september). Målgruppa er klubben sine trenarar og tema for møta er fagleg påfyll og erfaringsutveksling m.m.

Miniputtavslutning haustsesong

Felles avslutning med aktivitet, mat og drikke i slutten av september måned

Sjå også punkt 19.0 årshjul (kjem seinare i klubbhandboka)

9.7 Informasjon om dommarar

Dommarane har ein sentral rolle i fotballen generelt og i klubben vår spesielt. IL Bjørn fotball jobbar aktivt for eit godt dommarmiljø! Ingen dommar – ingen kamp!

IL Bjørn fotball arrangerer årleg klubbdommarkurs. Kurset er obligatorisk for alle spelarar det året dei fyller 13 år. Kurset er også ope for andre som ynskjer dommarfagleg påfyll.

Ingen skal tvingast til å vera dommar, men dommarkurset er obligatorisk slik at spelarane også skal få ei betre forståing for kva krav det ligg til det å vere dommar.

Klubbdommarane blir følgt opp av dommaransvarleg i klubben slik at dei skal føle større trygghet, samtidig som dei få auka sin kompetanse. Det blir arrangert dommaravslutning i slutten av november/starten av november kvart år. Der evaluerer me sesongen og endå meir viktig; motiverer me dommarane til å fortsette å dømme og til å ta vidare kurs.

Gjennom å etablere eit stort og godt dommarmiljø i klubben sikrar me at:

- Kampar frå 3ar-fotball til 11ar-fotball blir dømt av skulerte klubbdommarar
- Dommarane kan skulere laga på regelsida
- Oppgåva med å skaffe dommarar til kampane blir lettare
- Våre klubbdommarar dømmer kampane på Kongleriketturneringa
- Våre klubbdommarar dømmer kampane i Lerum Cup (dommartrio`ar)
- Klubben har krav til å ha eit visst tal dommarar (kretsdommarar), og får gebyr frå kretsen ved for få dommarar

Gjeldande dommarhonorar gjeld for sesongen 2026:

- 5ar: Hovuddommar kr. 250,-
- 7ar 10-11 år: Hovuddommar kr. 350,-
- 7ar/9ar 12 år: Hovuddommar kr. 400,- - Assistent 9ar: 250,-
- 9ar/11ar 13-14 år Hovuddommar kr. 450,- - Assistent: 300,-

- 9ar/11ar 15/17: Hovuddommar kr. 500,- - Assistent 11ar: 350,-
- 7ar (A-lag) Hovuddommar kr. 600,-
- 11ar (A-lag) Hovuddommar kr. 800,- - Assistent 11ar: 400,-
- Miniputtturnering: Hovuddommar kr. 500,- (minimum 8 kampar)

Sjå også rollebeskriving om dommaransvarleg i punkt 6.2.2.6 og punkt 20.2 utdjuping om rolla som dommaransvarleg og punkt 15.0 dommarutviklingsplan

9.8 Retningslinjer knytt til materiell

Klubben ynskjer å halde kostnader til utstyr for den enkelte så låge som mogeleg, mellom anna ved å inngå utstyrsavtalar med leverandørar

Klubben sørger for at alle spelarar har drakt, men den enkelte må sjølv kjøpte shorts og sokkar i høve til den gjeldande kledeprofilen klubben har. Drakta skal kun nyttast i kamp. IL Bjørn har utstyrsavtale med leverandør for 4 år av gangen. I dette tidsrommet skal leverandøren forplikte seg til å ha riktige modellar på lager i høve kledeprofilen vår, og spelarar og føresette har då føreseielegheit med tanke på kva klede som skal brukast.

Klubben har utstyrsavtale med Pyramiden Sport – Sport 1 som inneber at alle medlemmar som handlar der får 15% rabatt på klede og utstyr. Ved klubbveke på våren og hausten er det egne medlemsrabattar.

I kamp SKAL alle spelarar nytte shorts og sokkar i høve gjeldande kledeprofil, medan gamle IL Bjørn-klede kan brukast i trening.

Økonomi skal ikkje vere til hinder for at ungar og ungdommar ynskjer å spele fotball for IL Bjørn. Om nokon opplev økonomiske utfordringar knytt til deltaking av fotballaktivitet er dette saker fotballstyret i IL Bjørn vil hjelpe til med. Luster kommune har oppretta eit fritidsfond som skal bidra til at alle barn og unge i alderen 6-18 år kan vere med på fritidsaktivitetar. Dette kan då vere å dekke heile eller deler av medlemsavgift, treningsavgifter og andre andre utlegg som deltaking i cupar, utstyr etc. På nettsida til [Luster fritidsfond](#) står mellom anna informasjon om korleis ein leiar/trenar skal gå fram for å søke:

«Trenarar/leiarar eller andre med verv i idrettslag/kulturskule og liknande kan søkje om støtte på vegne av barnet til medlemskontingent, lisens, trenings- /aktivitetsavgift og eigenandel til



turar/leirar/cupar (Retningslinjer for Fritidsfondet i Luster).

Dei ulike lag/organisasjonane må sjølve informera medlemmane sine om kven dei skal ta kontakt med og korleis dei skal gå fram.»

Alle nye trenarar og lagleiarar får klubbteøy som t-skjorte, gensar og jakke. Alle våre trenarar og lagleiarar skal bruke klubbteøy når de representerer klubben på kampar, turneringar og representasjonsoppdrag elles.

9.8.1 Drakter, shorts og sokkar

- **IL Bjørn fotball sine lag spelar med raude drakter, svart shorts og svarte sokkar**

Då klubben i tillegg har diverse samarbeid blir også følgjande draktsett nytta.

For samarbeidslaga Bjørn/Hafslo:

- Hovudregelen er at laga spelar med raude drakter, svart shorts og svarte sokkar på Luster idrettspark. Går kampen på Hafslo stadion spelar laga i gul drakt, svart shorts og svarte sokkar.
- På bortebane blir draktfarge tilpassa draktfargen til det laget dei møter.

For samarbeidslaget Bjørn/Hafslo/Kaupanger:

- Bjørn/Hafslo/Kaupanger A-lag kvinner spelar sesongen 2026 med nye drakter, svarte og lyseblå
- Elles er hovudregelen er at laga spelar med raude drakter, svart shorts og svarte sokkar på Luster idrettspark. Går kampen på Kaupanger idrettspark spelar laget med grønne drakter, svart shorts og svarte sokkar. Går kampen på Hafslo stadion spelar laga i gul drakt, svart shorts og svarte sokkar
- På bortebane blir draktfarge tilpassa draktfargen til det laget dei møter.

For samarbeidslaget Hafslo/Bjørn/Fanaråk (HBF):

- Hovuddraktsettet er gul/raud (stripete) drakt, raud shorts og raude sokkar

På bortebane kan HBF 1 og 2 spele med følgjande draktsett (tilpassa motstandar):

- Hovuddraktsettet (sjå punktet over)
- Gule drakter, svart shorts og svarte sokkar
- Raude drakter, svart shorts og svarte sokkar
- Kvite drakter, svart shorts og svarte sokkar
- Kvite drakter, raud short og raude sokkar
- Hafslø/Bjørn/Fanaråk 3 spelar med blå drakter, blå shorts og blå sokkar

10.0 Økonomi – plan for økonomistyring

God økonomistyring er eit kontinuerleg arbeid som skal sikre at IL Bjørn har eit godt grunnlag for å optimalisere tilbodet til våre spelarar og medlemmar. IL Bjørn skal ha laupande og langsiktig kontroll på både inntekter og kostnader for å sikre ein sunn økonomi over tid, og skal til ein kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte ein uføresett utvikling.

IL Bjørn fotball sine aktivitetar og sportslege ambisjonar skal utviklast i takt med klubben sin økonomi og skal baserast på eit langsiktig og sunt økonomisk fundament.

10.1 Rekneskap

IL Bjørn nyttar autorisert rekneskapsførarselskap til å utarbeide månadsrapportar og årsoppgjer. Rapportane blir sendt til økonomiansvarleg, leiar og revisjonsutval. Rekneskapsrapportar blir gått gjennom og godkjent på styremøte i klubben sitt hovudstyre. Årsoppgjer blir førebudd, revidert og lagt fram for årsmøtet for godkjenning

10.2 Økonomistyring og budsjett

Kvar gruppe set opp budsjett for komande år ut frå mal rekneskap og aktivitetsplan. For IL Bjørn fotball sin del blir det sendt inn forslag til budsjett i god tid før årsmøtet kvart år. Hovudstyret syr saman eit heilskapleg budsjett ut frå gruppene sine budsjett og hovudstyret sine eigne postar.

Følgjande punkt er viktige ved budsjettering i idrettslaget:

Inntekter:

- Medlemsavgifter
- Treningsavgifter
- Arrangement
- Sponsorkontraktar

- Diverse tilskot

Kostnader:

- Fjorårets kostnader
- Planlagde aktivitetar komande år

Budsjettet skal vere realistisk, og det skal ikkje gå i underskot med mindre det kan dekkast av positiv eigenkapital.

10.3 Kontanthandtering

Etter Covid er Vipps den mest nytta betalingsforma. Kontantar blir stort sett berre nytta ved større turneringar. Vekslepeng blir teke ut frå bank etter godkjenning frå økonomiansvarleg. Sal frå kasse etter lister. Kontantar tilbake til bank etter avslutta arrangement.

10.4 Bruk av bankkonto

Autorisert rekneskapsførarselskap utfører transaksjonar frå bank etter godkjenning frå økonomiansvarleg i idrettslaget.

10.5 Lagskassar

Bankkonti skal vere tilknytt idrettslaget. Hovudregel er at alle midlar som er tent i idrettslaget sin regi skal innbetalast til idrettslaget sin konto og inngå i rekneskapet. Dette gjeld alt av midlar som sal, sponsormidlar, dugnad. Osv. Også lagskassar.

Private kontoar skal ikkje brukast som lagskontoar.

Ved mindre summar vippsar aktuelle personar lagleiar, som igjen sender pengesum vidare til IL Bjørn.

Ved større summar som skal samlast inn (til turnering til dømes), tek lagleiar kontakt med økonomiansvarleg, så blir ulike løysingar skissert. Då kan eigne kontoar nyttast

10.6 Rekningsbetaling

Autorisert rekneskapsførarselskap utfører transaksjonar frå bank gjennom rekneskapsprogram etter godkjenning frå økonomiansvarleg i idrettslaget.

10.7 Bilgodtgjersle og reiserekningar

Klubben har eigne skjema for refusjon. Blir godkjent av aktuell gruppeleiar og økonomiansvarleg før dei blir sendt inn til autorisert rekneskapsførarselskap for utbetaling og eventuell innrapportering som løn.

Trenarar, lagleiarar, spelarar eller andre som har avtale om å få dekka utgifter til køyring i forbindelse med oppgåver utført for klubben, må levere godkjent bilgodtgjersleskjema før godtgjersla blir utbetalt. Bilgodtgjersle betalast ut etter Staten sine satsar (idrettslaget brukar i dag 3,5 kr pr. km.).

10.8 Innkreving

Krav blir følgde opp med påminning av gruppeleiar, økonomiansvarleg og autorisert rekneskapsførarselskap. I spesielle tilfelle kan også autorisert rekneskapsførarselskap sitt inkassoselskap nyttast.

10.9 Økonomisk ansvar

NIFs basisnorm seier følgjande: «For avdelinger og gruppers økonomiske forpliktelser hefter hele laget, og avdelinger/grupper kan ikke inngå avtaler eller representere laget utad uten styrets godkjennelse».

Styret er dermed ansvarleg, forsikring er teikna.

11.0 Informasjon og kommunikasjon

IL Bjørn fotball ynskjer å vere synlege både på og utanfor bana. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid er derfor ein veldig viktig del av det å styre fotballklubben vår. Me skal informere og kommunisere med både medlemmar, foreldre, sponsorar, samarbeidspartnarar og andre i klubben.

Me har fleire plattformer som er viktige som informasjonskanalar:

- På klubben si heimeside, <http://www.ilbjorn.no/grupper/fotball/> skal oppdatert klubbhandbok ligge, gjeldande sportsplan, samt andre relevante dokument om klubben sin sportslege og administrative drift. Informasjonssaker, kampoppsett m.m. skal også publiserast på heimesida.
 - Frå klubben si side blir det lagt stor vekt på at heimesida skal vere oppdatert og innehalde korrekt og nyttig informasjon
- Klubben si [Facebookside](https://www.facebook.com/groups/570513759648898), <https://www.facebook.com/groups/570513759648898> blir også mykje brukt til formidling av informasjon
- I IL Bjørn nyttar alle lag seg av verktøyet (mobilapplikasjonen) Spond. Spond er eit norskeigd verktøy for å organisere idrett, korps og andre grupper. Mobilappen skal



brukast til å samordne all organisering og kommunikasjon mellom lagleiarar, trenarar, medlemmar og foreldre på ein stad

- IL Bjørn sitt fotballstyre nyttar også Spond i sin kommunikasjon med trenarar, lagleiarar og dommarar.

Elles finst det mykje informasjon tilgjengeleg på www.fotball.no, www.treningsokta.no og www.tiim.no

I tillegg til digital informasjon og kommunikasjon gjennomfører klubben ei rekkje faste møte med ulike grupper i klubben. Av faste møtearenaer ut over styremøte sjå punkt 9.6 Oversikt over kva arrangement klubben har. Sjå også punkt 19.0 Årshjul/aktivitetskalender om endå meir informasjon om kva som rører seg i klubben i løpet av sesongen.

12.0 Utdanning og kompetanse

IL Bjørn fotball sitt aktivitetsomfang skapar behov for frivillige som må dekke ulike funksjonar. Jo fleire kvalifiserte frivillige, jo betre fotballaktivitet vil klubben kunne tilby våre medlemmar. Klubben er derfor oppteken av utdanning og kursing av både trenarar, lagleiarar og klubbleiarar.

12.1 Styret og lagleiarar

Leiarkompetanse er avgjerande for god styring av klubben. NFFs leiarutdanningsstige sikrar fotballspesifikk leiarkompetanse for handtering av utfordringar av styreverv. Som kvalitetsklubb har IL Bjørn fotball satt utdanning av styret i system ved at alle styremedlemmar skal tilbydast å delta på leiarkurs i regi av NFF Sogn og Fjordane, og klubben stiller krav til at fleirtalet av styret sine medlemmar har minimum NFFs Leiar 1-kurs.

Lagleiarar som ynskjer det, skal òg få moglegheita til å delta på leiarkurs i regi av NFF Sogn og Fjordane.

12.2 Trenarar

Trenarkompetanse er også eit viktig satsingsområde for IL Bjørn. Dyktige trenarar er avgjerande for kvaliteten på våre aktivitetar og vår spelarutvikling. Som kvalitetsklubb har IL Bjørn fotball satt utdanning i system gjennom å stille krav til trenarkompetanse hjå alle lag, og me har ein eigne skulerings- og kompetanseplanar som skal følgjast opp.

I klubben sin sportsplan står det kva krav me set til trenarar i ulike årsklassar.

13.0 Dugnad og frivillig arbeid

Dugnad og frivillig arbeid er grunnpilarar i norsk idrett, og dei spelar ein avgjerande rolle for både det sosiale fellesskapet og økonomien i alle idrettsklubbar i Noreg.

IL Bjørn fotball blir drive av frivillige. Det vil seie foreldre, føresette, søsken og andre som stiller opp utan å motta løn. Denne ubetalte innsatsen bidreg til at me i IL Bjørn har gode aktivitetstilbod og er ein god stad å vera (jamfør punkt 17.0. Klubben sin rolle som samfunnsaktør).

Fotballstyret arrangerer følgjande arrangement gjennom året:

- Vårdugnad på Luster idrettspark
- Dugnad i samband med Kongleriketturnering
- Dugnad i samband med Lerum Cup (om klubben stiller som medarrangør)
- Sal av julekalendrar

Dei ulike laga blir utfordra til å bidra på desse arrangementa.

Viktig: Din innsats blir satt veldig pris på!

14.0 Klubben sin rolle som samfunnsaktør

Mål:

Fotballen sin rolle er stor og mangesidig med ei rekkje sosiale, kulturelle, økonomiske og helsemessige dimensjonar som påverkar enkeltpersonar og samfunnet som heilskap. IL Bjørn fotball er ein viktig og synleg samfunnsaktør i nærmiljøet og me må derfor ha eit bevisst forhold til våre omgjevnader. Vårt mål med dette temaet er å bevisstgjere klubben og våre spelarar, medlemmar og andre – som foreldre/føresette om vår samfunnsrolle. Med ei felles forståing kan me lettare ivareta rolla som samfunnsaktør på ein god måte.

Fotballen som samfunnsaktør - Kva gjer IL Bjørn?

Me ynskjer ein sterk klubbidentitet som styrkar klubbkjensla, basert på vår visjon, mål og verdigrunnlag: Fotball for alle – glede, draumar og fellesskap.

Me skal utvikle ein lokal fotballkultur og kvalitet (ferdigheiter, haldningar, miljø) på ein måte som er til glede og verdi for spelarar, leiarar, samarbeidspartnarar og lokalsamfunnet vårt.

Det SKAL vere FOTBALLGLEDE FOR ALLE!



Meir konkret skal IL Bjørn fotball arbeide etter prinsippet «flest mogeleg – best mogeleg – lengst mogeleg». Gjennom å ta gode val, ha eit reflektert verdsett, skape positivitet og glede i klubben, bidreg me til rolla som samfunnsaktør.

IL Bjørn sin viktigaste rolle som samfunnsaktør vil alltid vere å rekruttere flest mogeleg barn, unge og vakse inn i klubben med målet «flest mogeleg – best mogeleg – lengst mogeleg». Ved å delta i fotballaktivitet lærer barn, unge og vaksne verdiar og haldningar som er viktige for resten av livet. Ein lærer at gjennom samarbeid og lagspel kan ein lukkast med dei mål ein set seg. Ein lærer sosiale ferdigheiter, at trening er sunt og bra for kroppen og at ein må takle både siger og tap. Dette kan vere ein god erfaring for resten av livet!

Fotballen sin samfunnsrolle for IL Bjørn kan oppsummerast med følgjande punkt (med god fotballaktivitet som utgangspunkt):

- IL Bjørn fotball tilbyr aktivitetar og trygghet for born, unge og vaksne
 - IL Bjørn fotball sine aktivitetar skal gje born, unge og vaksne ein trygg stad å bruke fritida si på, lære verdiar som samarbeid og disiplin (positivt lada), og utvikle seg både fysisk og sosialt. Dette vil redusere risikoen for utanforskap, kriminalitet og andre uynskte aktivitetar.
- Fotball fremjar fellesskap og tilhøyrse
 - Fotball skapar fellesskap og byggjer bruer mellom menneske. Uansett sosial bakgrunn, alder, kjønn eller etnisitet kan folk samlast om sporten, enten som spelarar, supporterar eller frivillige. Lokale kampar, dugnadar og arrangement gir lokalbefolkninga anledningar til å samlast, bli kjent og skapa relasjonar. IL Bjørn fotball skal vere ein sentral del av det sosiale livet i lokalsamfunnet.
- Fotball fremjar lokal identitet og stoltheit
 - IL Bjørn fotball er ein del av lokalsamfunnet sin identitet og klubben skal vere ei kjelde til stoltheit og samhald.
- Fotball fremjar fysisk og mental helse
 - Våre aktivitetstilbod som fotballtreningar og kampar bidreg til betre fysisk helse blant born, ungdom og vaksne. Regelmessig trening og fysisk aktivitet er også knytt til mental helse og kan bidra til å redusere stress, angst og depresjon.
- Fotball styrkar mangfald og inkludering

- IL Bjørn fotball har inkludering i fokus og me arbeidar aktivt med å inkludere minoritetar. Fotballen blir dermed ein arena der ulike grupper i samfunnet kan møtast, bygge forståing og lære av kvarandre
- IL Bjørn fotball bidreg til læring, personleg utvikling og danning
 - Deltaking i fotballmiljøet hjå oss skal gje verdifulle erfaringar i samarbeid, leiing, respekt og fair play. For barn og unge bidreg dette til personleg utvikling og ansvarskjensle, som også er viktig utanfor fotballbana, som i skule, arbeid og i sosiale samanhengar.
- Fotball gir moglegheiter for talentutvikling og sosial mobilitet
 - Lokale fotballklubbar som IL Bjørn skal gje unge talent (gutar og jenter) mogelegheita til å utvikle seg og vise fram sine ferdigheiter på ulike arenaer. Mange fotballproffar har starta sine karrierar i små lokale klubbar. Dette viser også veg for sosial mobilitet. Det er mogeleg for alle å lukkast!
- Fotball skapar lokal økonomisk vekst
 - Fotballen i IL Bjørn skapar økonomisk vekst i lokalsamfunnet. Klubbarrangement, kiosksal og andre sponsa tiltak skapar ringverknader for ulike bedrifter og gir arbeid til lokale leverandørar og næringsliv.

Konkrete døme på utøving av rolla som samfunnsaktør for IL Bjørn fotball:

- Legge til rette for aktivitetstilbod for born, unge og vaksne
- Kick Off-arrangement – ope for alle
- Arrangering av Kongleriketturnering
- Arrangering av Lerum Cup
- Verdikveld – Trygge rammer
- Tilby trenar- og leiarkurs
- Klubbdommarar. Ingen dommar – ingen kamp!
- Rekruttering generelt (trenarar, lagleiarar, dugnadskrefter m.m.)

15.0 Detaljert beskriving av Trygge Rammer

All aktivitet i fotball-Noreg skal byggje på NFF sine verdiar fair play og respekt. Dette er fotballen sine internasjonale kjerneverdiar og grunnleggande for all aktivitet. Hjå NFF blir dette underbygd av verdiane trygg – inkluderande – modig.



Dette inneber klare haldningar og tydelege tiltak mot sentrale tema som rusmidlar, doping, mobbing, vald, rasisme, trafikksikkerheit, diskriminering, tiltak mot seksuelle overgrep og trakassering m.m. Trivsel og trygghet er fundamentalt for god sportsleg utvikling, og ein klubb som har ein tydeleg kommunisert og gjennomarbeida haldning og praksis på dette feltet, vil kunne få auka rekruttering, mindre fråfall og eit godt omdøme.

IL Bjørn fotball arbeider i tråd med Noreg fotballforbund sine føringar og me skal årleg jobbe med et valfritt tema frå Trygge Rammer som ein del av Kvalitetsklubbkonseptet. Temaet blir fastsett i fotballstyremøte i januar månad.

Vårt årlege Kick-Off-arrangement i april vil ha fokus på årets tema frå Trygge Rammer, det same vil klubben sitt verdimøte i august. Dette er arrangement der alle i klubben blir invitert. Me arbeidar i tillegg med haldningskampanjar gjennom heile året ved å ta korte augneblinkar med årets tema. Vårt fokusområde skal vere fast tema på alle møte der klubben er til stades. Døme er spelarmøte, trenarforum, møter i sportsleg utval, styremøte, rekrutteringsmøte m.m. I løpet av sesongen skal tematikken også ha fokus i sosiale media.

Vår årsplan skal vise at me jobbar systematisk med Trygge Rammer.

Eit praktisk døme kan vere at ein brukar fem minuttar etter trening der ein tek opp årets tema og set fokus på dette.

Følgjande tema inngår i Trygge Rammer:

- Eat Move Sleep
- Seksuelle overgrep og trakassering
- Doping
- Alkohol
- Trafikksikkerheit
- Kampfiksing og speleavhengigheit
- Mobbing og rasisme (som inngår i Fair play)
- Skader og forsikring

NFF har utarbeida eit opplegg med kompetanse og rettleiingar for alle dei ovanstående temaa som skal lette klubben sitt arbeid.

Seksuelle overgrep og trakassering

Klubben krev politiattest for alle som har eit verv i IL Bjørn fotball. Dette blir følgt opp av Politiattestansvarleg og fotballstyret.



Dette er vanskelege saker å handtere. Om saker skulle oppstå, kontakt ein du stolar på eller leiinga i klubben. Om fotballstyret treng hjelp til oppfølging vil NFF Sogn og Fjordane, eventuelt NFF-sentralt kunne bidra.

Sjå også: [NIF sine retningslinjer om Seksuelle overgrep og trakassering](#) og [NFF sine retningslinjer](#).

16.0 Årshjul

Fotballåret har sin eigen syklus. Det er mange faste tidsfristar å forholde seg til, og ei rekkje ting som skal på plass for å gjere fotballkvardagen best mogeleg for flest mogeleg.

Årshjulet skal reviderast kvart år etter endt fotballsesong. Då kan me evaluere og supplere med fleire aktivitetar, etter innspel frå eige styre, trenarar, lagleiarar og andre som følgjer oss tett.

For å sikre ryddigheit og oversikt har klubben utarbeida eit eige årshjul:

- Fotballstyremøte blir halde 9-10 gonger pr. styreår
- Økonomi blir gjennomgått regelmessig (i dialog med økonomiansvarleg i hovudstyret)
- Sportsleg leiing har møte ved behov, elles diskusjon av saker i fotballstyret
- Trenarforum blir halde minimum 2 gonger årleg
- Lagleiar møte minimum 1 gong pr. år
- Deltaking på møter i regi av krets og sone i høve til rolla

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Januar	FIKS	<ul style="list-style-type: none"> • Dialog med lagleiarar om lagspåmelding i høve fristar • Lagspåmelding senior (6.div.) 10.januar 	FIKS-ansvarleg
	Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Sesongplanlegging 	Styret og sportsleg leiing
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> • Sesongplanlegging • Trenar- og lagleiarfokus • Foreldre og spelarmøte – komande sonespelarar 	Styret Rekrutteringsansvarleg Trenarveileidar Landslagsskuleansvarleg
	Kvalitetsklubb	<ul style="list-style-type: none"> • Fastsette Trygge rammer-tema • Sportsplanrevidering • Evaluer status KK 	Kvalitetsklubbansvarleg Sportsleg leiing Styret
	Politiattest	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang leverte/manglande attestar • Byrje jobben med kartlegging av nye trenarar utan attest 	Politiattestansvarleg

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Februar	Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Rollefordeling eventuelt nytt styre • Forslag til budsjett og eventuelle tiltak (budsjett – innspel til hovudstyret) • Jobbe med årsmelding 	Styret
	Kvalitetsklubb	<ul style="list-style-type: none"> • Årshjul • Kompetansekartlegging styre 	Kvalitetsklubbansvarleg Styret
	Sport/FIKS	<ul style="list-style-type: none"> • Lagspåmelding 10-17 år 1.feb • Jobbe med dispensasjonar – søknad overårige • Innhente ynskjer om treningstider • Kartlegge trenarkompetanse/ planlegge kurs 	FIKS-ansvarleg Leiar/styret Leiar/styret Trenarveiledar
	Møte	<ul style="list-style-type: none"> • Foreldremøte miniputt 	Rekrutteringsansvarleg Styret
	Arrangement	<ul style="list-style-type: none"> • Muleg KM futsal-kvalifisering 	Arrangementsansvarleg Styret
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge dommardekning i klubben 	Dommaransvarleg

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Mars	Styret	<ul style="list-style-type: none"> Planleggingsmøte Lerum Cup 	Styret
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> Trenar- og lagleiarmøte Trenarforum Grasrottrenarkurs, del 1 	Sportsleg leiing Trenarveileдар Trenarveileдар
	Møte	<ul style="list-style-type: none"> Trenar- og lagleiarmøte 	Sportsleg leiing
	Fiks	<ul style="list-style-type: none"> 1.mars: påmelding Konglerike og seriespel U9 	Fiks-ansvarleg

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
April	Sesong	<ul style="list-style-type: none"> Sesongoppstart Evaluering av eventuelle fråfall frå oppstartsårgang Kioskoppstart, varepåfyll, økonomi/prissetting 	Alle Rekrutteringsansvarleg/ styret Kioskansvarleg
	Dugnad	<ul style="list-style-type: none"> Klargjering av Luster idrettspark 	Styret
	FIKS	<ul style="list-style-type: none"> Oppdatere spelarlistar inn mot FIKS 	FIKS-ansvarleg
	Politiattest	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang leverte/manglande attestar 	Politiattestansvarleg
	Kvalitetsklubb	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang rollebeskrivingar Gjennomgang heimeside Kompetansekartlegging til utsending 	Kvalitetsklubbansvarleg Trenarveileдар
	Møte	<ul style="list-style-type: none"> Kick-off (for alle) 	Styret
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> Dommaroppfølging 	Dommaransvarleg Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Mai	Styret	<ul style="list-style-type: none"> Planlegging av Kongleriketturnering Evaluering av oppstart 	Arrangementsansvarleg Styret Sportsleg utval
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> Oppfølging spelarutvikling 	Spelarutviklar Sportsleg leiing
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> Dommaroppfølging 	Dommaransvarleg Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Juni	Styret	<ul style="list-style-type: none"> Evaluering vårsesong 	Styret
	Kvalitetsklubb	<ul style="list-style-type: none"> Status kvalitetsklubb 	Kvalitetsklubbansvarleg
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> Trenarevaluering/dekning/kompetanse 	Trenarveiledar
	Arrangement	<ul style="list-style-type: none"> Kongleriketturnering Lerum Cup Utsending av dugnadslister Avslutning miniputtar 	Arrangementsansvarleg/ Alle Styret
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> Dommaroppfølging 	Dommaransvarleg Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Juli	Politiattest	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang leverte/manglande politiattestar Innføre sanksjonar ved manglande gyldig attest 	Politiattestansvarleg
	Økonomi	<ul style="list-style-type: none"> Utsending av treningsavgift 	Medlemsansvarleg

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
August	Styret	<ul style="list-style-type: none"> Planlegging haustsesong Treningstider inne – kartlegging 	Styret Leiar
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> Sesongoppstart – haust 	Alle
	Kvalitetsklubb	<ul style="list-style-type: none"> Status Trygge rammer 	Kvalitetsklubbansvarleg Styret
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> Dommaroppfølging 	Dommaransvarleg Styret
	Møte/Arr	<ul style="list-style-type: none"> Tema: Trygge rammer. Alle klubbens medlemmar får invitasjon. 	Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
September	Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Evaluering haustsesong – kva påminningar må formidlast ut? 	Styret
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> • Trenarforum 	Trenarveiledar
	Politiattest	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang leverte/manglande attestar • Innføre sanksjonar ved manglande gyldig attest 	Politiattestansvarleg
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> • Dommaroppfølging 	Dommaransvarleg Styret
	Arrangement	<ul style="list-style-type: none"> • Avslutning miniputtseasonen 	Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Oktober	Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Starte planlegging av neste sesong – klubb samarbeid? • Banefordeling hall vinter 	Styret
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> • Påmeldingfrist fyrste futsalturnering ca. 20.okt • Oppfølging trenar kompetanse • Oppfølging spelarutvikling inn mot vintersesong 	Lagleiar ordnar påmelding sjølv Trenarveiledar Spelarutviklar
	Arrangement	<ul style="list-style-type: none"> • Deltaking Kiwi Bama Cup 	Lagleiar ordnar påmelding sjølv
	Dommar	<ul style="list-style-type: none"> • Dommaroppfølging 	Dommaransvarleg Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
November	Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Evaluering av sesong • Planlegge neste sesong • Avslutning for trenarar og lagleiarar • Revidere klubbhandbok • Evaluere og vedlikehalde årshjul 	Styret
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> • Innhente årsevalueringar frå alle lag • Dialog med trenarar og lagleiarar om neste sesong • Trenarforum 	Styret/ sportsleg leiing Trenarveileidar
	Anlegg	<ul style="list-style-type: none"> • Ta av nett på mål m.m. 	Anleggsansvarleg
	Kretsting/ Miljøhelg	<ul style="list-style-type: none"> • Deltaking med minimum ein representant 	Styret

Månad	Stikkord	Aktivitet	Ansvarleg
Desember	Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Påmelding senior (5.div) opnar tidleg desember • Gjennomgang budsjett/evaluering 	Styret
	Sport	<ul style="list-style-type: none"> • Dialog og møter med trenarar og lagleiarar angående neste sesong. Gjeld lagspåmelding, turneringar osv. 	Styret/ Sportsleg leiing
	Kvalitetsklubb	<ul style="list-style-type: none"> • Evaluering 	Kvalitetsklubbansvarleg/ styret

17.0 Rekrutteringsplan

Innleiing

Rekrutteringsarbeid er ein av dei viktigaste aktivitetane IL Bjørn fotball utfører.

Denne planen er utarbeida for å sikre kontinuitet i arbeidet og for å unngå store fråfall i årgangane. Planen inneheld beskrivingar for korleis nye årskull med spelarar skal rekrutterast og korleis dei blir tekne imot og gitt eit likeverdig tilbod.

Fotballaktivitet, lagbygging og klubbtilhøyrse er sentrale verktøy for å rekruttere spelarar uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisitet, sosial klasse og betalingsevne. IL Bjørn ynskjer at våre spelarar skal spele i sin eigen klubb så lenge som mogeleg. Ei tidleg og aktiv rekruttering vil gjere klubben synleg i nærområdet, noko som er positivt for klubben sitt omdøme og sosiale profil. Vår fotballaktivitet skal vere open og inkluderande. Leik, trivsel og trygghet er nøkkelord.

IL Bjørn rekrutterer spelarar frå Høyheimsvik til Mollandsmarki via Gaupne og til øvst i Jostedalen. Potensielle spelarar i barnefotballen kjem frå barnehage og skular i Gaupne, Jostedalen og Indre Hafslo. Tal spelarar både på gute- og jentesida varierer frå år til år, men normalt sett byrjar mellom 10-15 gutar og jenter kvart år.

Spelarar frå Fortun, Skjolden og Luster blir også rekruttert frå alderen 9-10 år, då desse spelarane ikkje har tilbod i eigen klubb lenger.

Vårt hovudmål er å gje alle aktuelle born og ungdom eit trygt tilbod.

Foreldrekrutteringa er nærast like viktig som spelarrekutteringa. Får me ikkje med oss foreldra klarar me ikkje å drive klubben. Klubben er avhengig av at foreldra bidreg i drifta av klubben. Drifta av klubben er basert på frivillig innsats frå foreldre og andre bidragsytararar i lokalsamfunnet.

Rekrutteringsansvarleg rapporterer til fotballstyret

Rolla er plassert hjå nestleiarer i organisasjonen pr. i dag, men treng nødvendigvis ikkje å ligge til denne funksjonen.



Målsettingar

- IL Bjørn sin barne- og ungdomsfotball skal vere for alle
- Born med spesielle behov skal få tilbod om å vere med i miljøet, trening ut frå føresetnader og saman med føresette
- Pris og krav skal haldast på eit minimum
- Nye spelarar og føresette får eit godt fyrste møte med IL Bjørn fotball
- Skape engasjerte og involverte foreldre – utan foreldre, ingen aktivitet
- Ynskje om at flest mogeleg av foreldre, besteforeldre og sysken ser på IL Bjørn fotball sine kampar
- Alle, både på og utanfor bana skal bidra til trygge og gode ramme

Opplevinga for ALLE skal vere at fotball er gøy!

Planlegging

I desember eller januar byrjar rekrutteringsansvarleg, saman med resten av fotballstyret, å kartlegge aktuelle spelarar i aktuelle årskull. Dette i dialog med barnehagar. Etter kartlegginga av aktuelle spelarar, byrjar kartlegginga av aktuelle trenarar (januar/februar/mars). I god tid før påske blir det laga skriv/dokument til aktuelle barnehagar med informasjon om miniputttoppstart. Melding om miniputttoppstart blir også publisert på klubben si heimeside og Facebook-side.

Rekruttering til eksisterande kull: Før kvar sesong kommuniserer rekrutteringsansvar, eller representantar frå styret, med alle lag sine trenarar og lagleiarar om det er behov for fleire spelarar. Spelarar som ikkje har spelt fotball i anna klubb tidlegare skal kunne starte opp fortlaupande. Spelarar som kjem frå andre klubbar skal helst fullføre sesongen i sin eksisterande klubb før eventuell overgang, men unnatak kan gjerast om det ikkje går utover det sportslege tilbodet til andre spelarar i klubben han/ho/hen kjem frå. IL Bjørn skal ALLTID vere open for å få inn nye spelarar, men dette skal ALLTID vere klubbstyrt.

Arrangement «Fyrste møte med klubben»

Rekrutteringsansvarleg, saman med miniputtansvarleg og/eller representant frå styret, gjennomfører foreldremøte. Følgjande tema skal takast opp i foreldremøtet: klubben sitt formål, visjon og verdiar, klubben sin sportsplan, gjennomgang av NFF`s retningslinjer og



reglar for barnefotball, forventningsavklaring mellom klubb og lag/foreldre, foreldrerekruttering.

Arrangement «Fyrste møte med klubben i trening»

April: Oppstart miniputt plar alltid vere fyrste onsdagen etter påske. Dette er ein felles oppstart for alle miniputtar. Her er alltid eit ekstra fokus på nye årskull der alle får utdelt diverse utstyr (eigen ball, sekk m.m.) Om ikkje trenar og støtteapparat er klart til fyrste miniputt trening, vil rekrutteringsansvarleg saman med trenarveileidar eller andre i styret, organisere treninga. Hovudfokuset skal uansett vere på leikprega øvingar som inneber «sjef over ball», «spele med og mot» og «tilpassa smålagsspel». G6 og J6 spelar kvar for seg, men klubben oppmodar om at også gutar og jenter kan trene i saman innimellom.

Oppfølging

Rekrutteringsansvarleg, miniputtansvarleg og trenarretteleiar har kontinuerleg dialog med trenarar og lagleiarar. Rekrutteringsansvarleg og miniputtansvarleg prøver å vere til stades på alle treningar fyrst og fremst for å vere synleg, men også om det skulle dukke opp spørsmål eller problemstillingar. Alle trenarar blir tilbydd trenarkurs (grasrottenarkurs) og klubben har som mål at minst ein trenar i trenarteamet pr. årsklasse i barnefotballen har minimum grasrottenarkurs del 1, medan minst ein trenar i trenarteamet pr. årsklasse i ungdomsfotballen har heile grasrottenarkurset (del 1-4). Alle trenarar får invitasjon til trenarforum to gonger i løpet av sesongen, samt at alle trenarar og lagleiarar blir kalla inn til trenar og lagleiar møte i forkant av kvar sesong.

I juni (etter endt vårsesong) og september (etter endt haustsesong) arrangerer klubben sosiale tilstellingar for miniputt laga sine spelarar, trenarar og lagleiarar saman med alle foreldra.

I starten av november arrangerer klubben avslutning for trenarar og lagleiarar. Me brukar kvelden til gjennomgang av årets sesong, samt ser inn mot neste sesong. Klubben spanderer mat denne kvelden.

I oktober/november lagar rekrutteringsansvarleg ei oppsummering og rapport. I fotballstyremøte i oktober månad startar planlegginga av rekruttering inn mot neste sesong.

18.0 Dommarutviklingsplan

Rekruttering, oppfølging og utvikling av dommarar ei av kjerneoppgåvene i klubben vår.

Klubben sine aktivitetar for dommarar er heilt avhengig av at born og ungdom blir inspirerte til å bli fotballdommarar. Ein spanande og lærerik rolle som dommar gir mange ei verdifull deltaking i vår idrett. For å lukkast med rekruttering og den viktige oppfølgingsfasen er det viktig at klubben legg godt til rette og legg ein plan for sitt dommarutviklingstilbod.

Dommaransvarleg er ansvar for dommarutvikling i klubben

IL Bjørn fotball sine mål for dommarutvikling:

- Me skal ha eit aktivt dommarmiljø som skal bidra til rekruttering, utvikling og vidareutvikling av dommarar
- Me skal vere sjølvforsynte med dommarar i alle aldersbestemte klassar
- Me skal utvikle dommartalent, både på jente og gutesida

Rekruttering:

Klubben og særskilt dommaransvarleg jobbar målretta med rekruttering:

- Gjennomfører klubbdommarkurs før kvar sesong
 - Kurset er obligatorisk for alle våre 13 åringar, gutar og jenter
 - Kurset er også ope for andre i klubben
 - Kurset blir halde av NFF Sogn og Fjordane sin dommarutviklar
 - Informasjon om klubbdommarkurs og oppstartdato blir kommunisert til trenarar og lagleiarar for aktuelle årstrinn i mars månad
- Legg til rette for at dei dommarane som ynskjer det kan dømme «kampar» i trening før sesongstart
- Alle som tek dommarkurs, og som ynskjer å dømme klubbkampar, vil inngå i ein oversikt i Spond over dommarar i IL Bjørn. Det er dommaransvarleg som etablerer og brukar denne lista.

Oppfølging:

Det er viktig å følgje opp dommarar for å skape trygghet og vidareutvikle dommarar.

Dommaransvarleg tildeler aktuelle dommarar kampar utover sesongen og god og «riktig» oppfølging er viktig:

- IL Bjørn fotball har som mål at nokon frå fotballstyret til ei kvar tid skal vere på klubben sine heimekampar, mellom anna til å følgje opp dommarar. Alle dommarar skal før

oppsett kamp bli møtt av anten dommaransvarleg eller ein frå styret, der kort gjennomgang av kamp er tema. I tillegg skal alltid kampvert ha dialog med dommar, både før, i pausen og etter kamp.

- Motivere klubbdommarar til å delta på kurs og samlingar innanfor eigen krets
- Arrangere klubbdommarsamlingar 1-2 gonger i løpet av året

Kurs og møteplassar:

IL Bjørn fotball prøver å legge til rette for ulike arenaer der våre klubbdommarar kan delta:

- Klubbdommarkurs (dommarutviklar i krets er kurshaldar)
- Infomøte for dommarar, trenarar og lagleiarar med fokus på eventuelle regelendringar og fair play
- Klubbdommarsamlingar i løpet av sesongen (dommaransvarleg leiar samlingane)
- Dommaravslutning
 - IL Bjørn fotball arrangerer og spanderer pizza og brus til våre klubbdommarar som takk for årets sesong
 - NFF Sogn og Fjordane sin dommarutviklar stiller med fagleg påfyll
- Rekrutteringsdommarkurs i regi av NFF Sogn og Fjordane

IL Bjørn fotball har som mål at dommaransvarleg, eller nokon frå styret, deltek på møteplassar for dommarutvikling i regi av kretsen.

Utstyr og trening:

IL Bjørn fotball sine klubbdommarar får utdelt fløyte og gule/raude kort (ungdomsfotball) før sesongstart. I tillegg har klubben dommarvestar hengande i servicebygget som er tilgjengeleg til ei kvar tid. Dommaransvarleg sørger også for at ekstra fløyter og anna utstyr er tilgjengeleg i servicebygg.

IL Bjørn sine klubbdommarar får trene før sesongstart ved å dømme andre lag sine kampar i trening. Men generelt meiner klubben at den beste treninga er å få trene i seriekampar. Det er i slike kampar me etter kvart ser utvikling. Om det er situasjonar som dommaren tykkjer er vanskelege, diskuterer me desse i etterkamp av kampen.

Ansvar og oppfølging:



Dommaransvarleg har hovudansvaret for dommarutviklingsarbeidet i klubben.

Resten av styret er medansvarlege og bidreg med oppfølging.

Dommaransvarleg rapporterer til fotballstyret v/ sportsleg leiing.

19.0 Sesongplanar og retningslinjer for kampavvikling

Føremål

Tydelege rutinar og retningslinjer for sesongplanlegging og kampavvikling vil lette kvardagen for både klubben og laga våre. Sesong- og kampavviklingsplanen skal sikre at me som klubb klarar å hindre eventuelle utfordringar rundt lagspåmelding og anna sesongførebuing og sesonggjennomføring, slik at me kan halde oppe eit godt sportsleg tilbod og hindre/unngå fråfall.

For å sikre god sportsleg gjennomføring av sesongen er det viktig å legge ein god plan for den komande sesongen. Snarleg etter avslutta sesong på hausten bør ressurspersonar rundt laga samlast for å diskutere rammebetingelsane for neste sesong. Dette kan vere:

- Trenarar
- Lagleiar
- Spelargrunnlag
- Samarbeid med andre lag
- Seriespel*
- Cupar*

*for påmelding til seriespel og cupar er det viktig at alle involverte partar set seg inn i sportsplanen som omhandlar: «Overordna retningslinjer for fotballaktiviteten – kampar og turneringar».

For eventuelle spørsmål om lagspåmelding til seriespel, ta kontakt med leiar i fotballgruppa på e-post fotball@ilbjorn.no

Rutinar for lagspåmelding

Proessen

Påmelding av lag blir planlagt etter sesongslutt og endeleg frist for endringar er normalt 25.januar (gjeld barne- og ungdomsfotballen). I november og desember inviterer sportsleg utval v/sportsleg leiar alle laga sine trenarar til å kome med innspel for neste sesong. Trenar og/eller lagleiar har ansvaret for å kommunisere laget sine ynskjer for neste sesong til sportsleg leiar.

Frist for lagspåmelding seniorlag er normalt sett 15.januar.

Frist for lagspåmelding for gutar/jenter-10 til U17 er normalt sett 1.februar.

Frist for lagspåmelding miniputt 6-9 år (kongleriketturnering og seriespel gutar/jenter-9) er normalt sett 1.mars.

Forslag til påmelding av lag skal godkjennast av eit samla sportsleg utval før det blir rapportert inn til kretsen gjennom FIKS-ansvarleg i klubben.

Ved påmelding av lag er det viktig å ta omsyn til spelargrunnlaget. Dette gjeld både med tanke på tal lag og nivå (frå 13 år og oppover). Målsettinga er å melde på lag slik at alle spelarar får mest mogeleg lik speletid. Jamfør sportsplanen.

Tal lag

Det er veldig viktig at klubben til ei kvar tid har oversikt over at det er nok spelarar til tal lag me melder på. I løpet av ein sesong vil dei fleste lag oppleve variasjonar i spelargruppa grunna skadar, avgang og tilgang på spelarar, sjukdom og ferie. Vidare vil ungdomsfotballen oppleve at andre aktivitetar og skule gjera at spelargruppene raskt kan endrast i løpet av sesongen.

Klubben oppfordrar til at ein har dialog med årskulla over/under ved påmelding av lag. Det er lov å tenkja offensivt når ein melder på lag!

NFF anbefalar følgjande tal spelarar per spelform:

- 3ar-fotball: 4-5 spelarar
- 5ar-fotball: 7 spelarar
- 7ar-fotball: 9 spelarar
- 9ar-fotball: 12-14 spelarar
- 11ar-fotball: 14-18 spelarar

Nivå

I årsklassane til og med 12 år gjeld eit grunnleggande prinsipp om jamne lag. Det blir spelt flate seriar utan nivåinndeling. For årsklassane 6-9 år blir det spelt fire kongleriketurneringar, to på våren og to på hausten. Gutar-9 og jenter-9 kan delta i seriespel i tillegg til Konglerike. I årsklassane 10-12 år skal laga vere faste gjennom heile sesongen. Halvvegs i sesongen gjer NFF Sogn og Fjordane ei ombygging/ei differensiering av serien, slik at laga med dei sterkaste resultatata blir satt opp i same avdeling. Føremålet med denne ombygginga/differensieringa er å sikre mest mogeleg jamnbyrdige resultat etter sumaren (derfor er det veldig viktig at lagleiarar registrerer resultat i «Min fotball-appen». Resultata blir ikkje publisert på nettet, kun brukt av kretsen).

Frå 13 år er det seriespel. Laga er inndelt i divisjonar etter sportsleg nivå. Kva divisjon ein melder opp lag i bør vurderast ut ifrå:

- Resultat frå fjorårssesongen
- Endringar i spelarstall

- Motivasjon/treningsvilje i gruppa, ynskjer spelarar å satse eller dei med mest pga. det sosiale?
- Summen av anna aktivitet (andre idrettar m.m.)

Målsettinga er alltid å kome i ein divisjon der ein både vinn og tapar kampar – jamnbyrdigheit!

Retningslinjer for kampavvikling

IL Bjørn fotball har utarbeida retningslinjer for gjennomføring av kampar i barne- og ungdomsfotballen. Kampar er ein viktig del av fotballaktiviteten og ein viktig arena for utvikling og meistring. Gode rutinar gir ei klar veiledning til korleis kampar og ramma rundt desse skal vere hjå oss.

Kampvert

For å sikre ei fin ramme rundt aktiviteten er kampvert-rolla særst viktig rolle. Alle IL Bjørn fotball sine lag SKAL ha kampvertar på sine heimekampar. Det er både viktig og hyggjeleg at heimelaget har ein vert som tek imot gjester, og ein kampvert har også ein tydeleg og respektert rolle under kampen. Kampverten si oppgåve er å bidra til ei god ramme rundt kampen prega av fair play og sørge for at kampleiarer (dommarer) får tilstrekkeleg med støtte.

Kampverten skal ha på seg ein eigen kampvertvest. Vestane heng i servicebygget ved Luster idrettspark. Alle laga sine lagleiarar bør vurdere om det er naudsynt med fleire kampvertar. Ved større arrangement må ein også vurdere om ein skal ha endå fleire kampvertar.

Kampverten bør som hovudregel møte 1 time før oppsett kampstart.

Hovudoppgåvene til kampverten (ane) er:

Før kampen:

- Sørge for at garderobar, bane og mål er i orden. Hjelp til å sette opp bane. Obs. kjegler/hattar til pressoner. Dette i samarbeid med lagleiar/trenar
- Ynskje velkomen til berre lag og dommar/dommarar
- Oppfordre til at tilskodarar blir plassert på motsett side av laga sine trenarar og innbytarar
- Minne heimelaget sin trenar i å avhalde fair play-møtet
- Minne trenarar og dommar om å organisere fair play-helsing før kampstart

- Ha kunnskap om kvar klubben sin hjartestartar er og ha telefon til å ringje 113

Under kampen

- Støtte dommarer og sjå til at reaksjonar mot dommar er innanfor rimelegheita sine grenser
- Prate med dommar i pausen
- Servere kaffi og frukt til heimelag og bortelag
- Oppfordre til gode og positive tilrop frå foreldre, og ta kontakt om det går over streken. Vise til foreldrevettreglar og klubben sine verdiar
- Oppfordre til positivitet frå trenarar/lagleiarar både mot spelarar og dommarar

Etter kampen

- Minne trenarar og dommarar om å organisere fair play-helsing
- Takkar begge lag og dommar
- Tek initiativ til rydding rundt bana etter kampslutt
- Gjennomgå garderobane /rydde/koste)
- Sjå til at inngangsdørar er låst før ein forlèt anlegget

Kommunikasjon med motstandar og dommar

Lagleiar sender melding eller ringer motstandarlaget to dagar før kamp og ynskjer velkomen til kamp i Gaupne. Informerer om praktiske forhold som til dømes garderobar, parkering, draktfarge osv.)

Lagleiar og trenar får melding frå dommaransvarleg i Spond seinast to dagar før kamp, om kven som skal dømme kampen. Dommaransvarleg har dialog med dommar. Lagleiar kan også ta kontakt med dommar om det er behov for det.

Kampflytting – omberamming av kampar:

Ved behov for å flytte ein kamp skal følgjande rutine gjennomgåast

1. Sjekk når det er ledig banetid i klubben si aktivitetsliste. Kommuniser alltid med aktivitetslisteansvarleg (leiar i fotballgruppa). Kampene bør som hovudregel ikkje flyttast inn i andre lag sine treningstider når sesongen er i gang. Her er det likevel viktig med dialog. Individuelle tilpassingar er mogeleg for å få til god kampavvikling (ulike faktorar spelar som regel inn).
2. Ta kontakt med motstandarlaget. Begge lag må vere einige om omberamminga og nytt kamptidspunkt før skjema blir sendt inn

3. Dersom det ikkje blir oppnådd einigheit mellom laga, skal kampen spelast som oppsett
4. Det er i utgangspunktet heimelaget som skal varsle kretsen om kampendringa. Kampen er ikkje godkjent flytta før kretsen har stadfesta dette
5. Ved endring mindre enn ei veke før oppsett kampdato må oppsette dommarar og eventuelle veiledarar informerast om endringa. Legg inn kommentarar i skjemaet dersom nokon ikkje kan dømme på det nye tidspunktet.

Rutinar for oppfølging av tilbakemeldingar og sanksjonar frå krets

Sanksjonar frå kretsen mot spelarar eller leiarar i klubben blir normalt varsla per e-post til klubben si e-postadresse. Varsel om sanksjonar skal vidaresendast til lagleiar og til sportsleg leiar som er ansvarleg for vidare oppfølging og gjennomføring mot spelarar og trenarar. Ved brot på fair play, våre eigne krav og retningslinjer og NFF sitt regelverk kan klubben på eige initiativ sette i gang sanksjonar mot spelarar, trenarar/lagleiarar og/eller føresette/tilskodar (ar). Sanksjonar kan berre gjerast av sportsleg utval og fotballstyret. Ved umiddelbare hendingar kan sportsleg utval sette i gang suspensjon medan saka blir utgreia.

20.0 Detaljerte beskrivingar av ulike klubbrollar

20.1 Rekrutteringsansvarleg

Rekrutteringsansvarleg har ansvar for oppstart av nye årskull og rekruttering av nye spelarar i klubben. Rekrutteringsansvarleg skal opptre som ein god ambassadør for klubben og er bindeleddet mellom klubben, barnehagen, skulen, spelarar og føresette i oppstartsfasen av det nye årskullet.

Rekrutteringsansvarleg sørger for at det blir arrangert møter/møtepunkt med foreldre/føresette for å rekruttere trenarar og lagleiarar til dei nye laga, deltek på dei fyrste treningane for at laga skal komme i gang. Rekrutteringsansvarleg hjelper også dei nye årskulla med å opprette kommunikasjonskanalar, fordele oppgåver blant føresette og sørge for at det nye årskullet sitt møte med klubben blir eit positivt møte

Ansvarsområde

Den viktigaste oppgåva til rekrutteringsansvarleg er å leie og legge til rette for oppstart av nye årskull, samt hjelpe alle årgangar med tanke på nye spelarar. Rekrutteringsansvarleg skal og bør kjenne til klubben sin visjon, verdiar, mål og sportsplan. Personen skal opptre som ein god ambassadør for klubben.

Oppgåver

- Ansvarleg for oppstart av nytt årskull (hovudansvar)
- Lage og få ut informasjon i aktuelle område før oppstart av nytt kull (hovudansvar)
- Vere med å bistå på treningar i oppstartsfasen til eit trenarteam eventuelt er på plass (medansvar)
- Rekrutteringsansvarleg, saman med trenarveileidar har ansvar for å kartlegge og rekruttere trenarar og støtteapparat til dei nye årskulla (medansvar)
- Gjennomføre foreldremøte for dei nye årskulla, gjerne saman med representant frå styre Her er det naturleg at klubben sine verdiar, mål og retningslinjer blir presentert, samt kontingentar og anna nyttig informasjon (medansvar)
- Sosiale tilstellingar etter endt vårsesong og haustsesong (hovudansvar)
- Hjelp til hjå alle årgangar som har behov for fleire spelarar (hovudansvar)
- Halde dialog med fotballstyret om planlegging og gjennomføring

Rapportering og oppfølging

Rekrutteringsansvarleg arbeidar med rekruttering gjennom heile fotballåret, men sjølvstapt med eit hovudfokus før kvar sesong (vinteren/våren). Det er naturleg med eit følgjande årshjul:

- Desember/januar: gjennomgang av aktuelle spelarar i aktuelle årskull. Dette i dialog med barnehagar
- Januar/februar: kartlegge aktuelle trenarar
- Mars: lage og få ut informasjon til aktuelle barnehagar
- April: Gjennomføre foreldremøte for dei nye årskulla, gjerne saman med representant frå styre
- April: Oppstart miniputt
- Juni og september: sosiale tilstellingar
- November: Oppsummering, rapportering og planlegging av neste sesong

Rekrutteringsansvarleg rapporterer til fotballstyret

Rolla er plassert hjå nestleiareren i organisasjonen pr. i dag, men treng nødvendigvis ikkje å ligge til denne funksjonen.

Krav til kompetanse og erfaring

Rekrutteringsansvarleg må vera ein kyndig person med kunnskap om barnefotball.

Engasjementsperiode

Rekrutteringsansvarleg sit i to år om gongen for å sikre kontinuitet.

Rolla peikast ut av styret etter direkte dialog med kandidatar.

20.2 Dommaransvarleg

Dommaransvarleg har ansvar for oppfølging av klubben sine dommarar og rekruttering av dommarar i barne- og ungdomsfotballen. Dommaransvarleg har ein svært viktig rolle i fotballstyret til IL Bjørn. Denne personen er avgjerande for gjennomføring av seriekampar og turneringarkampar. Det er viktig at dommaransvarleg er nøye og etterretteleg i sitt arbeid, slik at både lag og dommarar føler seg ivareteke.

Ansvarsområde

Den viktigaste oppgåva til dommaransvarleg er å rekruttere, behalde og utvikle dommarar i klubben, både klubbdommarar og kretsdommarar. Dommaransvarleg skal og bør kjenne til klubben sin visjon, verdiar, mål og sportsplan. Personen skal opptre som ein ambassadør for klubben.

Oppgåver

- Ha god kontakt og godt samarbeid med (hovudansvar)
 - Klubben sine dommarar
 - Lagleiarar og trenarar
 - Klubben sitt styre
 - Fotballkretsen
- Følgje opp og veilede dommarar i kamp (medansvar)
- Lage dommarliste for kvar veke, der kretsen ikkje set opp dommarar (hovudansvar)
- Gjennomføre klubbdommarkurs i forkant av sesongstart, for både nye og eksisterande dommarar (hovudansvar)
- Avhalde minimum to årlege samlingar for dommarane
- Skal ha ansvar for å tilby dei som har ambisjonar og talent, vidare oppfølging og etterutdanning i nært samarbeid med kretsen (hovudansvar)
- Ha oversikt over dommarar i klubben, både klubbdommarar og kretsdommarar og til ei kvar tid ha oppdatert liste over klubben sine dommarar med korrekt kontaktinformasjon (hovudansvar)
- Heve dommaren sin status i klubben

Rapportering og oppfølging

Dommaransvarleg rapporterer til fotballstyret i IL Bjørn fotball.

Dommaransvarleg sit i fotballstyret i klubben



Krav til kompetanse og erfaring

Dommaransvarleg må vera ein kyndig person som har kunnskap om barne- og ungdomsfotball og fotballdømming.

Engasjementsperiode

Dommaransvarleg sit i to år om gongen for å sikre kontinuitet.

Rolla peikast ut av styret etter direkte dialog med kandidatar.

20.3 Sportsleg leiing

IL Bjørn fotball si sportslege leiing arbeidar med å følgje opp alle lag i klubben. Dette inneber oppfølging av dei enkelte laga sine trenarar og lagleiarar, samt dialog med spelarar.

Sportsleg leiing handlar om å skape ein «raud tråd» frå dei yngste til dei eldste. I IL Bjørn fotball reknar me sportsleg utval som den sportslege leiinga. I sportsleg utval sit leiar i fotballgruppa som sportsleg leiar, trenarutviklar og spelarutviklar. Dette utgjer kjerna i den sportslege leiinga, men også rekrutteringsansvarleg og dommaransvarleg har ansvarsområde som tenderer til sportsleg leiing

Oppgåver og organisering

Klubben si sportslege leiing er sportsleg utval. Dette er representantar i klubben som også sit i fotballstyret, som høvesvis leiar, trenarveileidar og spelarutviklar. Sportsleg leiing skal vere eit rådgjevande organ for styret i sportslege spørsmål og skal representere breidda i klubben med både barnefotball, ungdomsfotball og a-lagsfotball.

Sentrale oppgåver for klubben si sportslege leiing er:

- Ansvar for å implementere, følge opp og vidareutvikle klubben sin sportsplan (sportsleg leiar)
- Handtere avvik frå sportsplanen (sportsleg leiar)
- Ansvar for å sikre kompetanse hjå klubben sine trenere gjennom kompetanseplan (trenarveileidar)
- Løse problemstillinger/utfordringer knytt til differensiering og hospitering (spelarutviklar i samråd med sportsleg utval)
- Ansvar for lagsinndeling, nivåpåmelding og påmelding av lag til serien (sportsleg leiar)
- Ansvar for normering av spelarar til sone/kretstiltak (sportsleg utval v/spelarutviklar)
- Ansvar for gjennomføring av minimum to trenerforum pr. år (trenarutviklar)
- Rekruttering av trenarar (trenarutviklar og rekrutteringsansvarleg)
- Rekruttering, utvikling og oppfølging av dommarar (dommaransvarleg)

Møteplassar

I løpet av ein sesongen og i mellom sesongane har IL Bjørn fotball ei rekkje møteplassar der me diskuterer og gjennomgår sportsleg utvikling i klubben:

- Fotballstyremøte kvar månad (ansvarleg: leiar i fotballgruppa)
 - Sportsleg leiing tek opp aktuelle saker i desse møta

- Sonetiltaksmøte (tidleg januar) (ansvarleg: spelarutviklar og sportsleg leiar)
 - Møte med spelarar som er uttekne til sone for fyrste gong (12-åringar), samt foreldre
 - Gjennomgang av landslagsskulen
 - Forventningsavklaringar
- Foreldremøte «Fyrste møte med klubben» (mars) (ansvarleg: rekrutteringsansvarleg saman med miniputtansvarleg)
 - Gjennomgang av klubben sitt formål, visjon og verdiar
 - Sportsplanen med fokus på barnefotballen
 - Forventningsavklaring mellom klubb og lag/foreldre
 - Foreldrekrutering
- Klubbdommarkurs (mars) (ansvarleg: dommaransvarleg saman med dommarutviklar i krets)
 - Fyrste trinn i dommarutdanninga
 - Obligatorisk for alle 13-åringar i klubben, både gutar og jenter
- Trenar- og lagleiar møte (mars/april) (ansvarleg leiar i fotballgruppa)
 - Gjennomgang av sesongen som kjem
 - Gjennomgang av sportsplan inkl. trenaren og lagleiar sine oppgåver
 - Gjennomgang av NFF's retningslinjer og reglar for barnefotball
 - Forventningsavklaringar
 - Samarbeid klubb - foreldre
- Trenarforum (vår og haust) (ansvarleg: trenarveiledar)
 - Gjennomgang av sportsplan med fokus på trenaren
 - Diskutere aktuelle problemstillingar som treningsøker, differensiering og hospitering
 - Diskutere kompetanseutviklingstiltak
- Avslutning for trenarar og lagleiarar (ansvarleg: fotballstyret)
 - Den sosiale dimensjonen er den viktigaste denne kvelden
 - Gjennomgang av årets sesong og sjå mot neste sesong
 - Kva har vore bra og kva kan gjerast betre?
- Møter med samarbeidsklubbar (ansvar: fotballstyret inkl. sportsleg leiing)
 - 1-2 gonger i året
 - Diskuterer vidare samarbeid – reforhandlingar av avtalar
 - Diskuterer moglege utfordringar/problemstillingar
 - Kompetanseutveksling

- Hospitering

Avvik frå sportsplan

Sportsleg leiing/sportsleg utval løyser eventuelle avvik frå sportsplanen internt og på lågast mogelege nivå. Fotballstyret blir trekt inn ved behov. Avvik vil bli handtert av sportsleg leiing/sportsleg utval der aktuell spelar, trenar, lagleiar og eventuelt andre involverte blir kalla inn til samarbeidsmøte.

Om det ikkje er mogeleg å løyse problemet internt, kan sportsleg leiing og fotballstyret involvere andre aktørar, som til dømes NFF Sogn og Fjordane, for å hjelpe å finne løysingar på avviket.

Rapportering og oppfølging

Fotballstyret har møte ein gong i månaden. Sportsleg leiing legg inn aktuelle saker til desse møta.

Om sportsleg leiing får inn saker som må behandlast raskt, løyser me dette ved at sportsleg leiing/sportsleg utval avgjer saka, der sportsleg leiar informerer fotballstyret i ettertid. Om saka er av ein slik karakter at heile fotballstyret må involverast, løyser me dette gjennom digitalt eller ved ad hoc fysisk møte.

Leiar i fotballgruppa, som også er sportsleg ansvarleg, er NFF Sogn og Fjordane sitt kontaktpunkt.

20.4 Treinarveileidar

Treinarveileidar er ansvarleg for oppfølging på feltet, i trening og i kamp. Treinarveileidaren er viktig for å skape trygghet, trivsel og utvikling hjå trenarane, gjennom å påverke læringsmetodar, fotballfaget og leiing på feltet. Treinarveileidaren skal vere ein samtalepartnar og støttespelar for trenarane. Treinarveileidar skal slik sett vere «trenarane sin trenar» og bidra til å sikre at treningar og kampar blir gjennomført i tråd med klubben sitt verdigrunnlag og sportsplan.

Ansvarsområde

Viktigaste oppgåva til treinarveileidar er å vere trenaren sin samtalepartnar og støttespelar ved å vere tilgjengeleg og synleg på feltet. Treinarveileidar skal kjenne til klubben sin visjon, verdiar, mål og sportsplan. Personen skal opptre som ein god ambassadør for klubben.

Oppgåver

- Veilede og følgje opp trenarar i klubben med utgangspunkt i klubben sin sportsplan (hovudansvar)
- Systematisk oppfølging av enkelttrenarar over tid (hovudansvar)
- Ansvar for planlegging og gjennomføring av trenarforum (minimum to per år) (hovudansvar)
- Delta i møter ved oppstart av nye lag og hjelpe til å sette saman nye trenarteam (medansvar)
- Kartlegge trenarkompetanse og motivere klubben sine trenarar til å gjennomføre trenarutdanning (jamfør minimumskrav Kvalitetsklubb), og søke fagleg påfyll (hovudansvar)
- Organisere trenarkurs (hovudansvar)
- Hjelpe til med rekruttering av trenarar (medansvar)
- Skape gode føresetnader for å lukkast på feltet for oppstartskull, saman med rekrutteringsansvarleg (medansvar)
- Ansvarleg for at kommunikasjon/tilbakemeldingar til trenarar kjem fram (hovudansvar)
- Delta på relevante samlingar i kurs og regi av krets og Norges fotballforbund (medansvar)

Rapportering og oppfølging

Treinarveileidar, som også sit i sportsleg leiing, rapporterer til fotballstyret i klubben.

Treinarveileidar sit i sportsleg leiing og i fotballstyret i klubben.



Krav til kompetanse og erfaring

Trenarveileidar må vera ein kyndig person med kunnskap om fotball frå barn til vaksen.

Trenarveileidar må ha minimum grasrottreinar, del 1-4.

Engasjementsperiode

Trenarveileidar sit i to år om gongen for å sikre kontinuitet.

Rolla peikast ut av styret etter direkte dialog med kandidatar.

20.5 FIKS-ansvarleg

Fotballens sitt informasjons og kommunikasjonssystem, FIKS, er eigd av Norges Fotballforbund. FIKS blir nytta til å administrere og gjennomføre all fotballaktivitet i NFF-regi. Det betyr mellom anna at alle fotballkampar, baner, spelarar, dommarar, kamprapportar og klubb- og lagrollar er registrert i FIKS. Innhenting og administrasjon av data blir gjort av forbund, krets og klubb i fellesskap. FIKS-ansvarleg i IL Bjørn fotball har ein viktig rolle som administrator av dette systemet. Sjå NFF si lenkje med veiledning om bruk av FIKS: <https://www.fotball.no/klubb-og-leder/fiks-info-og-support/>

Ansvarsområde

FIKS-ansvarleg skal syta for at nødvendige personar (trenarar, lagleiarar, andre) til ei kvar tid kjenner til påkravde FIKS-oppgåver slik at FIKS blir ein naturleg del av klubben sin kvardag. FIKS-ansvarleg skal dermed syta for at IL Bjørn fotball til ein kvar tid har personar med nødvendige tilgangar til FIKS. FIKS-ansvarleg er også ansvarleg for at alle lag er registrert i FIKS innan gitte fristar.

Oppgåver

- Oppdatere, vedlikehalde og ajourføre FIKS (fotballens informasjon- og kommunikasjonssystem)
- Kontrollere at lag og personar er oppdatert med nødvendige tilgangar
- Registrere alle lag i seriespel, i rett aldersklasse og nivå, med riktige kontaktpersonar, bane osv.
- Vere superbrukar og opplæringsansvarleg for andre i klubben

Rapportering og oppfølging

FIKS-ansvarleg rapporterer til fotballstyret.

Rolla som FIKS-ansvarleg er ein del av leiarrolla i fotballgruppa (jamfør organisasjonskartet)



Krav til kompetanse og erfaring

Det viktigaste kriteriet er at FIKS-ansvarleg har gjennomført brukaropplæring i FIKS, og dermed har kunnskap og kjennskap til systemet. I tillegg må FIKS-ansvarleg vere ein strukturert person som har kjennskap til idrettslaget og frivilligheitskulturen. Ein må vere ein god menneskekjenner og ein trygg person som kan spele dei rundt seg god.

Engasjementsperiode

FIKS-ansvarleg sit i to år om gongen for å sikre kontinuitet.

Rolla peikast ut av styret etter direkte dialog med kandidatar.

20.6 Kvalitetsklubbansvarleg

Kvalitetsklubbansvarleg i IL Bjørn fotball skal vere oppdatert på dei krav og pliktar som følgjer av det å vere ein kvalitetsklubb. Denne rolla skal sikre IL Bjørn fotball sitt fokus og kvalitet på dei grunnleggjande oppgåvene som ligg til konseptet kvalitetsklubb.

Kvalitetsklubbansvarleg skal veljast blant møtande medlemmar i klubben sitt fotballstyre.

Ansvarsområde

Når ein skal etablere malar, planar og jobbe med utviklingsprosessar over tid samtidig som ein skal drifte aktiviteten i klubben, krev dette at nokon har overordna oversikt. Som kvalitetsklubb gjeld nye/forbetra rutinar for oppfølging og klubben skal etterleve dei nye malane, planane og drive aktiviteten med kvalitet. Kvalitetsklubbansvarleg held overordna tak i konseptet og følgjer opp og kommuniserer konseptet med klubben sine aktive, medlemmar og frivillige.

Oppgåver

- Skal ha inngåande kunnskap om konseptet og vere pådrivar for å kommunisere kva Norges Fotballforbund legg i god kvalitet i klubbens planverk i praksis.
- Skal vere klubben sin overordna kontaktperson mot krets og forbund på spørsmål knytt til Kvalitetsklubb/konseptet
- Skal følgje opp dei standardar som er satt i system med tanke på implementering og etterleving av klubben sitt verdarbeid i praksis.
- Skal sette kvalitetsklubbkonseptet på agendaen til styret slik at ein etterlev dei retningslinjene som er lagt
- Skal vere pådrivar for å knyte elementa i konseptet til den daglege aktiviteten i klubben
- Skal følge opp og utbetre eventuelle avvik frå kriteriesettet.
- Er ansvarleg og pådrivar for gjennomføring av eigenmelding i etterkant av sertifisering
- Er ansvarleg for årlege statusgjennomføringar for Kvalitetsklubb

Rapportering og oppfølging

Kvalitetsklubbansvarleg arbeidar med konseptet heile året, men det kan vere naturleg med følgjande årshjul:

- Oktober: gjennomgang av nettsider og relevante dokument for eventuell oppdatering av ny sesong
- November: forslag til revidering leggast fram på fotballstyremøte

- November/desember: trenarar, lagleiarar og medlemmar blir orientert om eventuelle endringar og informerast om kvalitetsklubb generelt
- Gjennom året: sikre at årshjul for fotballstyret blir fulgt opp på styremøte.

Kvalitetsklubbansvarleg orienterer og rapporterer til fotballstyret i hovudsak, men også til hovudstyre ved behov. Dette er ein viktig rolle som må jobbast med gjennom heile fotballåret.

Rolla som Kvalitetsklubbansvarleg er ein del av leiarrolla i fotballgruppa (jamfør organisasjonskartet)

Krav til kompetanse og erfaring

Det viktigaste kriteriet er at Kvalitetsklubbansvarleg inngåande kunnskap og kjennskap til heile planverket knytt til kvalitetsklubbkonseptet. I tillegg må Kvalitetsklubbansvarleg vere ein strukturert person som har kjennskap til idrettslaget og frivilligheitskulturen. Ein må vere ein god menneskekjenner og ein trygg person som kan spele dei rundt seg god.

Kvalitetsklubbansvarleg bør ha minimum NFF leiar 2-kurs. Det er heller ingen ulempe om Kvalitetsklubbansvarleg har grasrottenarkurset heller.

Engasjementsperiode

Kvalitetsklubbansvarleg sit i to år om gongen for å sikre kontinuitet

Rolla peikast ut av styret etter direkte dialog med kandidatar

20.7 Politiattestansvarleg

Politiattestansvarleg skal sørge for at alle frivillige som skal utføre oppgaver for IL Bjørn fotball som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming skal vise gyldig politiattest.

I IL Bjørn fotball er det fair play-ansvarleg som har denne rolla.

Ansvarsområde:

Politiattestansvarleg skal sjå til at alle med tillitsverv framviser politiattest.

Politiattestansvarleg skal òg halde oversikt over kven som har framvist godkjent attest og fortlaupande oppdaterer klubben sin politiattest-database.

Oppgåver:

- Ta kontakt med personar som er nye i aktuelle tillitsverv før kvar sesong (hovudansvar)
- Skal informere alle trenarar, lagleiarar og andre med rollar som inneber eit tillits- og ansvarsforhold ovanfor mindreårige, om NFF og Idrettsforbundet sine krav om politiattest (hovudansvar)
- Rettleie og informere om søknadsrutinar for politiattest (hovudansvar)
- Vere tilgjengeleg for framvising av godkjent attest (medansvar)
- Rapportere til fotballstyret to gonger i året om status for politiattestar (hovudansvar)

Rapportering og oppfølging

Politiattestansvarleg rapporterer til fotballstyret.

Beslutningar blir teke i samråd med leiar i fotballgruppa.

Engasjementsperiode

Politiattestansvarleg sit i to år om gongen for å sikre kontinuitet

Rolla peikast ut av styret etter direkte dialog med kandidatar.

I vår organisering pr. no ligg politiattestansvarleg til fair play-rolla.

20.8 Fair play-ansvarleg

Fair play er eit samleomgrep for IL Bjørn fotball sitt verdiarbeid. Fair play handlar om overordna verdiar, respekt for andre menneske og om å forsterke vennskap. Fair play handlar om det som skjer på og utanfor fotballbana, og er den verdibaserte normen som skal gjennomsyre all aktivitet på alle nivå. Dette inneber respekt for, og etterleving av gjeldande regelverk, retningslinjer og verdisett. Fair play-ansvarleg har det overordna ansvaret for utvikling, planlegging og gjennomføring av Fair play-arbeidet til IL Bjørn fotball.

Ansvarsområde

Fair play-ansvarleg skal sørge for at klubben sin Fair play-avtale med kretsen blir fulgt opp med tanke på implementering, gjennomføring og rapportering. Dette inneber mellom anna at fair play-ansvarleg jobbar aktivt inn mot lag og leiarar og skal vere ein pådrivar for gjennomføring av aktivitetar i alle lag.

Oppgåver

- Ha god kontakt og godt samarbeid med klubben sine lagleiarar, trenarar og medlemmar
- Saman med lagleiarar/foreldrekontaktar sørge for at alle lag stiller med kampvertar til sine heimekampar
- Sørge for at alle lag gjennomfører Fair play-helsing før og etter kamp
- Delta på foreldre- og trenarmøte for å forankre klubben sitt Fair play-arbeid og engasjere foreldre og trenarar til å ha fokus på Fair play
- Sørge for at foreldrevettreglane blir etterlevd
- Sørge for profilering av Fair play på klubben si bane/anlegg
- Hjelp lagleiarar og trenarar med å arrangere samtalar ved grove overtramp på Fair play-reglar
- Avhalde Fair play-kveldar for spelarar i barne- og ungdomsfotballen (verdikveld saman med styret)
- Rapportere på valte fair play-aktivitetar til klubben sitt styre 1-2 gonger pr. år (normalt innan 1.juni og 15.september)
- Levere årsrapport på valte fair play-aktivitetar seinast 1.november



Rapportering og oppfølging

Fair play-ansvarleg rapporterer til fotballstyret internt.

Fair play-ansvarleg leverer også Fair play-rapport for IL Bjørn til NFF Sogn og Fjordane kvar haust.

Krav til kompetanse og erfaring

Personen skal opptre som ein god ambassadør for klubben og vere eit godt førebilete både på og utanfor bana.

Engasjementsperiode

Fair play-ansvarleg set i 2 år om gongen for å sikre kontinuitet.

Rolla blir utpeikt av styret etter direkte dialog med kandidatar.



21.0 Utmerkingar

Fotballstyret nominerer kvart år (om me har aktuelle kandidatar) aktuelle trenarar, lagleiarar eller andre i klubben med verv, til ulike heidersteikn i samband med NFF Sogn og Fjordane sitt kretsting eller Miljøhelg (arrangement i slutten av november månad).

Om fotballstyret har forslag til aktuelle æresmedlemmar i klubben, blir dette ei sak fotballstyret diskuterer med hovudstyret og årsmøtet til IL Bjørn kan eventuelt utnemne personar her.



Vedlegg 1

Lov for Idrettslaget Bjørn (godkjent på årsmøtet 7.mars 2018)

LOV FOR IDRETTSLAGET BJØRN

Stifta 21.05.1966, vedteke av årsmøtet tidlegare, med seinare endringar, seinast 03.02.1997.
Godkjent av Sogn og Fjordane idrettskrins [dato].

Idrettslaget Bjørn vart skipa 21. Mai 1966 etter ei samanslåing av Jostedal idrettslag, Indre Hafslo idrettslag og Gaupne idrettslag. Etter samanslåinga omfattar IL Bjørn geografisk desse områda:

Nes, Jostedal, Indre Hafslo og Gaupne

I. INNLEIANDE REGLAR

§ 1 Formål

- (1) Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).
- (2) Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettslaget er sjølvveigande og frittståande med berre personlege medlemmar.
- (2) Idrettslaget er medlem av det/dei særforbund som laget sitt årsmøte bestemmer.
- (3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom Sogn og Fjordane idrettskrins, høyrer heime i Luster kommune, og er medlem av Luster idrettsråd.

- (4) Idrettslaget skal følgje NIF og tilslutta organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak. NIF sitt regelverk gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

§ 3 Medlemar

- (1) For at ein person skal takast opp i idrettslaget må vedkomande:
- a) ha gjort opp eventuelle økonomiske forplikingar til idrettslaget og andre organisasjonsledd i NIF.
 - b) Styret i idrettslaget kan i særlege tilfelle nekte ein person medlemskap. Før vedtak vert fatta, skal personen gjerast kjent med bakgrunnen for saka og får ein frist på to veker til å uttale seg. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, og informere om høve til å klage. Vedtaket kan klagast på til idrettskrinsen innan tre veker etter at det er motteke. Klagen skal sendast til styret i idrettslaget, som eventuelt kan omgjere vedtaket. Om vedtaket står ved lag, skal klagen sendast til idrettskrinsen innan to veker.
 - c) Medlemskap i idrettslaget er først gyldig frå den dag kontingent er betalt.
 - d) Medlemen pliktar å overhalde NIF, tilslutta organisasjonsledd og idrettslaget sitt regelverk og vedtak.
 - e) Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er motteke.
 - f) Idrettslaget kan fråta medlemskap frå ein medlem som etter purring ikkje betalar fastsett medlemskontingent. Medlem som skuldar kontingent for to år, taper automatisk sitt medlemskap i idrettslaget og skal strykast frå laget si medlemsliste.
 - g) Styret i idrettslaget kan i særlege tilfelle fråta ein medlem medlemskapet for ein periode på inntil eitt år. Før vedtak vert fatta, skal vedkomande gjerast kjent med bakgrunnen for saka og få ein frist på to veker til å uttale seg. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, og informere om høve til å klage.
 - h) Ved tap av medlemskap kan den saka gjeld kreve at vedtaket handsamast av ordinært/ekstraordinært årsmøte, og har rett til å vere til stade ved årsmøtet si

handsaming av saka. Kravet må setjast fram innan ei veke etter at vedtaket er motteke, og årsmøtet må deretter haldast innan ein månad.

- i) Ved tap av medlemskap kan vedtaket til idrettslaget klagast på til idrettskrinsen innan tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til idrettslaget sitt styre, som eventuelt kan gjere om vedtaket dersom det er fatta av styret sjølv. Opprettheld styret vedtaket, skal klagen sendast til idrettskrinsen innan to veker. Idrettslaget sitt vedtak trer ikkje i kraft før klagefristen er gått ut, eventuelt når klagesaka er avgjort.
- j) Idrettslaget skal føre elektroniske medlemslister i idretten sine nasjonale medlemsregister i tråd med forskrift gitt av Idrettsstyret.

§ 4 Medlemskontingent og avgifter

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet. Andre avgifter/eigendelar kan krevjast for deltaking i idrettslaget sitt aktivitetstilbod.

II. TILLITSVALTE OG TILSETTE

§ 5 Kjønnfordeling

- (1) Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, skal begge kjønn vere representert. Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld og der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant tel ikkje med ved utrekning av kjønnfordelinga.
- (2) Ved val/oppnemning til styre, råd, utval/komité mv. i strid med regelen, skal styret innan ein månad etter årsmøtet sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte der nytt val vert gjort. Eksisterande medlemar i det aktuelle styret, komitéen mv. Vert sitjande til nytt styre, komité mv. er valt/oppnemnt.
- (3) Idrettskrinsen kan påleggje idrettslaget å oppfylle regelen, m.a. med innkalling til nytt årsmøte eller foreta ny oppnemning.

- (4) Idrettskrisen kan når det ligg føre særlege tilfelle, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Søknad om dispensasjon må vere sendt til idrettskretsen innan 14 dagar etter årsmøtet. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

- (1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava, jf. § 3 (1). Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt, jf. § 16.
- (2) Ein medlem som er arbeidstakar i eller har oppdragsavtale med idrettslaget, jf. § 7 (3), har ikkje stemmerett på idrettslaget sitt årsmøte. Dette gjeld ikkje for spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i laget.
- (3) Ein medlem kan ikkje samtidig ha meir enn eit av følgjande verv i idrettslaget: medlem av styret, valkomité, kontrollkomité, lovutval, revisor.
- (4) Ein medlem kan ikkje ha tillitsverv knytta til same idrett i fleire idrettslag som deltek i same konkurranse.
- (5) Forslagsrett:
- a) Ein medlem har forslagsrett til og på årsmøtet i idrettslaget.
 - b) Styret i idrettslaget har forslagsrett til og på årsmøtet i idrettslaget
 - c) Eit idrettslag har forslagsrett til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, og laget sin(e) representant(ar) har forslagsrett på dette årsmøtet/tinget.
 - d) Ein komité/utval har forslagsrett til årsmøtet i saker som ligg innanfor komitéen/utvalet sitt arbeidsområde, og komitéen/utvalet sin(e) representant(ar) har forslagsrett på årsmøtet innanfor komitéen/utvalet sitt arbeidsområde.
 - e) Ein medlem under 15 år har forslagsrett til og på årsmøtet.
- (6) Talerett:
Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på årsmøtet i idrettslaget.

§ 7 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar

- (1) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komité mv. i idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.
- (2) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Regelen vert brukt tilsvarande på ein medlem som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve.
- (4) Regelen gjeld ikkje for arbeidstakar som er spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i idrettslaget, og er ikkje til hinder for at idrettslaget gjev dei tilsette rett til å utpeike tilsettrepresentant(ar) til idrettslaget sitt styre.
- (5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (6) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilfelle, gi dispensasjon frå denne regelen.
Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning av gongen.

§ 8 Representasjonsrett og vilkår for val for andre personar med tilknytning til idrettslaget

- (1) Ein medlem som har ein avtale med idrettslaget som gjev vedkomande ei økonomisk interesse i drifta av idrettslaget, kan ikkje veljast til verv i styre, råd, utval/komité mv. innan idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett, eller aksjonær med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har slik avtale som nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av idrettslaget. Tillitsvalt som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel,

pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsettingshøvet er avslutta.

- (2) Person som etter første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant med tilsvarande tilknytning til det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen blir ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (4) Idrettskrinsen kan, ved særskilde høve, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 9 Inhabilitet

- (1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i idrettslaget er inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerda:
 - a) når vedkomande sjølv er part i saka,
 - b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
 - c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
 - d) når vedkomande er leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.
- (2) Vedkomande er og inhabil når andre særskilde høve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.
- (3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i idrettslaget.

- (4) Inhabilitsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalte, oppnemnde representanten eller tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.
- (5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.
- (6) I styre, komitéar og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Kjem det i ei og same sak opp spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmer, kan ingen av dei delta ved avgjerda av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemmer delta. Medlemeren skal i god tid seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, bli kalla inn til å møte og delta i avgjerda, dersom dette kan gjerast utan vesentleg bruk av tid eller kostnad.
- (7) Ved andre tilfelle tek vedkomande sjølv avgjerda om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv leggje fram spørsmålet for sin næraste overordna til avgjerd.
- (8) Regelen gjeld ikkje på årsmøtet i idrettslaget.

§ 10 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

- (1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitéar og utval i idrettslaget vedtaksføre når eit fleirtal av medlemmane er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.
- (2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming eller ved fjernmøte. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemmar med forslag til vedtak. Gyldig vedtak krev at fleirtalet av medlemmane gjev sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyre og kommunisere med kvarandre.

- (3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

§ 11 Refusjon av utgifter til tillitsvalte. Godtgjersle

- (1) Tillitsvalt kan motta refusjon for nødvendige, faktiske utgifter som vedkomande får i samband med utføring av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan motta ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- (3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal kome klart fram i vedteke budsjett og rekneskap.

III. ØKONOMI

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- (1) Idrettslaget er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalenderåret.
- (2) Dersom idrettslaget har ein årleg omsetnad på mindre enn kr 5 millionar, skal laget følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar, men kan, etter vedtak av styret, velje å følgje rekneskapslova. Dersom idrettslaget har ein årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir, skal laget følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjere statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemar. Kontrollkomitéen sine oppgåver følgjer av NIF si lov § 2-12.
- (3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.
- (4) På årsmøtet skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapan. Rekneskap og budsjett for idrettslag som er organisert med grupper/avdelingar, skal også omfatte rekneskapa og budsjetta for gruppene/avdelingane. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital. Det vedteke budsjettet bør kome fram i ei eiga kolonne når årsrekneskapet vert lagt fram.

- (5) Årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av samtlege styremedlemar. Har idrettslaget dagleg leiar skal også vedkomande signere.
- (6) Idrettslaget kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret.
- (7) Disposisjonar, også låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik eller verksemd, kan berre vedtakast av årsmøtet.

IV. ÅRSMØTE, STYRE, UTVAL MV.

§ 13 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet er idrettslaget sitt høgste styringsorgan, og skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad.
- (2) Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand direkte til medlemane, eventuelt på annan forsvarleg måte, og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettslaget si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før årsmøtet. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.
- (3) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.
- (4) Alle medlemene til idrettslaget har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades, eventuelt vedta at årsmøtet berre er ope for medlemar.
- (5) Årsmøtet er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemar med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemar vedteke i idrettslaget si lov. Er ikkje årsmøtet vedtaksført, kan det bli kalla inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.

- (6) På årsmøtet kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov eller reglar som ikkje er ført opp på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett på årsmøtet vedtek det ved godkjenning av saklista.

§ 14 Leing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere medlem. Det kan veljast fleire dirigentar og referentar.

§ 15 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne dei som har stemmerett.
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane.
3. Velje dirigent, referent, og to medlemar til å skrive under protokollen.
4. Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert eventuelle gruppeårsmeldingar.
5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.
6. Handsame forslag og saker.
7. Fastsetje medlemskontingent på minst kr 100, og treningsavgift, eller gi gruppestyra fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppa si aktivitet.
8. Vedta idrettslaget sitt budsjett.
9. Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.
10. Gjere følgjande val:
 - Leiar og nestleiar
 - 6 styremedlem og 2 varamedlem
 - Andre val i høve til vedteken organisasjonsplan, jf. pkt. 9.
 - To revisorar.
 - Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - Valkomité med leiar, to medlemar og eitt varamedlem.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemane skal veljast samla. Deretter skal varamedlemane veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetala.

§ 16 Stemmegjeving på årsmøtet

- (1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.
- (2) Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.
- (3) Når eit val vert halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert det avgjort ved loddtrekking.
- (4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlem. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene som er valde. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

§ 17 Ekstraordinært årsmøte

- (1) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget vert kalla inn av idrettslaget sitt styre minst 14 dagar på førehand etter:
 - a) Vedtak av årsmøtet i idrettslaget.
 - b) Vedtak av styret i idrettslaget.
 - c) Vedtak av styre eller årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd.
 - d) Skriftleg krav frå 1/3 av dei medlemane i idrettslaget som har stemmerett.
- (2) Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn direkte til medlemane, eventuelt på anna forsvarleg måte medrekna ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside. Saklista og andre nødvendige dokument skal følgje vedlagt innkallinga

eller vere gjort tilgjengeleg på idrettslaget si internettside eller annan forsvarleg måte. I sistnemte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på annan måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengelege på innkallingstidspunktet.

- (3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemar med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemar vedteke i idrettslaget si lov. Dersom det ekstraordinære årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.
- (4) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.
- (5) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer det ekstraordinære årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast.

§ 18 Idrettslaget sitt styre

- (1) Idrettslaget vert leia og forplikta av styret, som er idrettslaget sitt høgste styringsorgan mellom årsmøta.
- (2) Styret skal m.a.:
 - a) Setje i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak.
 - b) Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd, og sørgje for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og har forsvarleg økonomistyring.
 - c) Etter behov oppnemne komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse.
 - d) Representere idrettslaget utetter.
 - e) Oppnemne ansvarleg for politiattestordninga.
 - f) Oppnemne ein ansvarleg (tillitsvalt eller tilsett) for barneidretten.

- (3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemene krev det.

§ 19 Grupper og komitéar

- (1) Valkomitéen vert valt på årsmøtet på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret, og skal leggje fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet. Medlem av valkomité som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomitéen.
- (2) Idrettslaget sitt årsmøte kan vedta å opprette og nedlegge grupper, og korleis desse skal organiserast og leiast. Avgjerda om dette vert gjort i samband med årleg handsaming av idrettslaget sin organisasjonsplan, jf. § 15 pkt. 9.
- (3) Dersom laget sitt årsmøte ved handsaming av organisasjonsplanen har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgjande:
- a) Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemar. Gruppestyret vert valt på årsmøtet. Grappa foreslår kandidatar til gruppestyret til valkomitéen. Eventuelt kan årsmøtet gje hovudstyret fullmakt til å oppnemne gruppestyre etter forslag på kandidatar frå grappa.
 - b) Grappa held eit årleg møte før årsmøtet i idrettslaget. Hovudstyret fastset ein siste frist for det årlege møtet. Møtet vert kalla inn av gruppestyret med frist på minst ei veke.
 - c) Det årlege møtet skal:
 - i) Handsame rekneskap.
 - ii) Handsame grappa si årsmelding.
 - iii) Fastsette budsjett.
 - iv) Fastsette eventuell årleg treningsavgift, jf. § 15 nr. 7.
 - v) Fremje innspel til årsplan for grappa sine aktivitetar til hovudstyret.
 - d) Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre anna er vedteke av årsmøtet.
 - e) Grupper kan ikkje inngå avtalar eller representere idrettslaget utetter utan godkjenning frå hovudstyret, jf. § 18.

V. ANDRE REGLAR

§ 20 Allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker

For allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker gjeld NIF si lov kapittel 11 og 12.

§ 21 Lovendring

- (1) Lovendring kan berre vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrettslaget etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.
- (2) Lovendringar som følgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettslaget sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjent av idrettskrinsen. Godkjenninga er avgrensa til dei reglane som NIF si lov omfattar.
- (3) I samband med godkjenninga kan idrettskrinsen påleggje nødvendig endring for å unngå motstrid med NIF sitt regelverk.
- (4) Endring i §§ 21 og 22 kan ikkje vedtakast av idrettslaget sjølv med mindre endringane følgjer av NIF sitt regelverk eller lovnorm.

§ 22 Oppløysing. Samanslåing. Anna opphøyr

- (1) Forslag om oppløysing av idrettslaget må først handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte tre månader seinare. For at oppløysing skal skje må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.
- (2) Samanslåing med andre idrettslag vert ikkje rekna som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar knytt til dette skal gjerast i samsvar med vedtektene om lovendring, jf. § 21.
- (3) Ved oppløysing eller anna opphøyr av idrettslaget går laget sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av idrettskrinsen. Melding om at idrettslaget



skal oppløysast, skal sendast til idrettskrinsen 14 dagar før idrettslaget held sitt ordinære årsmøte for handsaming av saka.